

Sveinung Dimmen

Den gode staden og det gode livet

Tettstadutvikling med miljøprofil



HØGSKULEN I VOLDA



**MØREFORSKING
VOLDA**

2004

Forfattar	Sveinung Dimmen
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	0805-8075
Sats	Sveinung Dimmen
Distribusjon	http://www.hivolda.no/fou

Notatserien er for ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, foredrag, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Spreiinga går i hovudsak til fagmiljøet i Volda, til eksterne fagmiljø og personar som forfattar(ar) ønskjer kommentarar frå. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid.

Forord

Livsløp, velferd og planlegging inngår som eit valfritt emne i masterstudiet i samfunnsplanlegging ved institutt for planlegging og administrasjon (IPA) ved Høgskulen i Volda. Emnet legg vekt på livsløpsteori og korleis slik teori kan brukast i planlegging. Søkelyset blir retta mot forskjellige samfunnsnivå, men med hovudfokus på kommune- og lokalsamfunnsnivå.

Ei viktig målgruppe er studentar med profesjonsutdanningar eller anna høgare utdanning som ønskjer å studere korleis livsløpsperspektiv kan gi innsikt i velferds- og planleggingsspørsmål. Studentane skal gjennom studiet utvikle:

- Kunnskap om perspektiv, teoriar og metodar som er relevante for livsløpsperspektiv i planlegginga.
- Kompetanse til å analysere utfordringane i samfunnet når det gjeld å leggje til rette for ulike livsløp.
- Evne til kritisk vurdering av ulike tilnærmingar når det gjeld livsløp, velferd og planlegging
- Evne til kritisk refleksjon over eiga rolle som tilretteleggjar for betre livskvalitet.

Eit livsløpsperspektiv i planlegginga vil innebere heilskapleg planlegging. Dersom ein i større grad leggje eit slikt perspektiv til grunn, kan det mellom anna medverke til betre livskvalitet, meir rasjonell ressursutnytting, effektivt tverrsektorielt samarbeid og robuste sosiale miljø.

Dette notatet tar utgangspunkt i sentrale tema og problemstillingar knytt til undervisningssamling 2 i Livsløpsstudiet *Den gode staden – det aktive samfunnet*. Undervisningssamlinga set søkjelyset på korleis ein kan utforme og leggje til rette for samfunn der folk vil bu og trivast. Korleis skape gode og attraktive lokalsamfunn? Faglege vurderingar knytt til forholdet mellom fysiske strukturar og sosiale dimensjonar vil stå sentralt. Korleis ein kan mobilisere og involvere ulike grupper i planlegginga er også tema på denne samlinga. Ei slik tilnærming vil stille nye krav både til innhald i og organisering av offentleg planlegging. Meir integrert og behovsretta planlegging inneber tverrsektorielle og territorielle løysingar. Det føreset også større vekt på brukarretta og dialogbaserte planleggingsprosessar. Dette gjev nye utfordringar for faggrupper som tradisjonelt har arbeidd med menneske i forskjellig alder og med ulike funksjonsnivå.

Notatet vil kunne fungere som ein nyttig kunnskapsoversikt til viktige tema og problemstillingar knytt til det nemnde undervisningsopplegget. I dette perspektivet er notatet i første rekke meint å vere eit supplement til aktuell teori og pensumlitteratur, og med eigne studentar som primær målgruppe. Men notatet vil også kunne nyttast som eit utgangspunkt for vidare teoretisk og fagleg bearbeiding med tanke på ”ekstern” artikkelproduksjon.

HVO desember -04
Sveinung Dimmen

Innhald

Forord.....	3
1. Innleiing.....	5
Levekår og fysisk miljøforming	5
Trender i tida – globalisering og sentralisering.....	7
Avregionalisering og tap av regional identitet	9
Levande lokalsamfunn	9
Stadomgrepet.....	11
2. Materielle og fysiske strukturar som ramme for sosiale og kulturelle aktivitetar.....	13
Samfunnsplanlegging som styringsverktøy	13
Nokre paradoks og dilemma	14
Bygdebyen – i møte mellom det urbane og det rurale	14
Bygdebyen – tettstad utan sjel?	15
Frå prat til praksis – etablering av forum for byggeskikk, bygningsmiljø og tettstadforming	16
Krav til kommunale planleggingsystem	16
3. Nasjonale miljømål.....	18
Berekraft og stadforming – fysiske miljøkvalitetar i fokus.....	18
Tverrsektoriell tilnærming.....	19
Søkelys på landskap og landskapsverdiar	19
Lokal Agenda 21 og berekraftig utvikling	21
4. By- og tettstadutvikling i miljøperspektiv.....	23
Forsøk- og utviklingsprogram	23
Miljøbyprogrammet	24
Program for miljøvennlege og attraktive tettstader i distrikta.....	26
Tettstadutvikling med miljøprofil – eksemplet Sykkylven	29
Friluftsliv og folkehelse	30
5. Krav til gode og miljøvennlege tettstader	33
Korleis kan kommunane gå fram?	33
Stadanalyse som verktøy	33
Kvalitativ stadanalyse – eit eksempel	34
Stadidentitet.....	34
Oppfatningar om den gode staden og det gode livet.....	35
Fortetting som strategi.....	36
Universell utforming – og planlegging for alle.....	37
Utvikling av den gode staden – med søkelys på prosess og prosjekt.....	39
6. Oppsummering	42
Tettstadutvikling – frå prat til praksis	42
Meiningar om tettstadutvikling	43
Den gode staden – for kven?	44
Kommunal arealplanlegging i nye spor?.....	45
Referansar.....	47
Vedlegg	51

1. Innleiing

Levekår og fysisk miljøforming

Målsettinga i distrikts- og regionalpolitikken om å oppretthalde hovudtrekka i busettingsmønsteret og sørge for likeverdige levekår i alle deler av landet, har samla brei tverrpolitisk støtte gjennom fleire tiår. Det regionale Noreg er i stadig endring. Utviklinga dei siste åra viser at sentraliserings- og urbaniseringskreftene er sterkare enn nokon gong tidlegare i historia. Flyttestraumane frå utkantane mot sentrum aukar i omfang, og resulterer i at stadig fleire etter kvart har busett seg i byar og tettstader. Folk sine bustadønske blir i større grad enn tidlegare påverka av eit samla teneste-, fritids-, bustad- og arbeidsmarknadstilbod (jf. St.meld. nr. 34 2000-2001).

Dette er utfordringar som stiller krav om ei brei tverrfagleg og tverrsektoriell satsing. Strategiar og tiltak vil kunne få konsekvensar på ulike politikkområde, og nye former for samordnings- og samarbeidstiltak vil kunne etablerast både på tvers av dei offentlege forvaltningsnivåa og mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Målet er å utvikle robuste samfunn prega av (St.meld. nr. 34 2000-2001 s.9):

- likeverdige og stabile velferdstilbod
- eit konkurransedyktig, lønsamt og omstillingsdyktig næringsliv
- god tilgang på kompetanse
- varierte arbeidsmarknads-, bustad og servicetilbod

Det blir vidare peika på at utviklinga av slike samfunn m.a. krev forståing for folk sine ulike preferansar og behov knytt til kjønn, alder og livsfase.

I tråd med dette har jakta på ”den gode staden” og ”det gode livet” sett sitt preg på samfunnsdebatten dei siste åra. Trivsel og velferd er relative omgrep kopla opp mot både individuelle og kollektive vurderingar. Fysisk miljø og materielle strukturar utgjer ei viktig ramme for sosiale og kulturelle handlingar. Spørsmål om levekår, nærmiljø og kvardagsliv blir på denne måten trekt direkte inn i spørsmål om arealplanlegging og tettstadforming. Planlegging for ”det gode livet” og ”den gode staden” vil i dette perspektivet sprengje rammene for den meir tradisjonelle sektorplanlegginga, og kan legge grunnlaget for ei meir samla sektorovergripande og territoriell planlegging.

Søkelyset blir retta mot lokalsamfunn og nærmiljø som ramme for kvardagsliv og velferdsutvikling. Kva krav kan vi stille til ”det gode samfunn” og kva rammer eller premissar kan leggest til grunn? I situasjonar som dette blir ulike typar verdiar sette opp mot kvarandre, verdiar som ikkje utan vidare lar seg måle på ein og same verdiskala. Trass i ulike samfunnsøkonomiske metodar (t.d. kostnad-nytteanalysar), oppstår det mange problem i forsøket på å måle andre verdiar mot marknadsverdiar. Etter som det er vanskeleg å finne alternative verdimål, blir løysinga i praksis avhengig av politiske vurderingar.

Utfallet av verdikonfliktar som dette vil såleis vere avhengig av politiske og forvaltningsmessige alliansar og maktforhold – både mellom og innanfor ulike forvaltningsnivå og sektorar. Med plan- og bygningslova er det etablert eit offentleg plansystem som er meint å fungere som eit demokratisk samordnings- og styringsverktøy. Gjennom ein brei og open planprosess kan ulike lokale aktør- og interessegrupper trekkast aktivt med i det kommunale plan- og utviklingsarbeidet.

Tettstadutvikling er blinka ut som eit viktig satsingsområde i ein samla regional- og arealpolitikk. Nasjonale mål og retningslinjer skal gi hovudretning og rammer for den lokale planlegginga. Ei særleg utfordring knytter seg her til å omsette målet om berekraftig utvikling til ei regionalt forankra areal- og miljøforvaltning.

I tråd med dette har mange kommunar etablert eigne tettstadutviklingsprosjekt. Tettstadutvikling er eit sentralt omgrep i arealforvaltninga i dag. Vi har fått større merksemd retta mot det fysiske miljøet som dannar omgivnadene for kvardagslivet vårt, ikkje minst er det aukande interesse for å legge vekt på estetiske kvalitetar og lokal identitet. Men også spørsmål om trafikktryggleik, tilrettelegging for mjuke trafikkantar og arealøkonomisk utbygging er viktige i diskusjonen om korleis vi skal vidareutvikle tettstadene. Trivsel, velferd og levekår vil på denne måten kunne koplust direkte til spørsmålet om tettstadutvikling.

Arbeidet med tettstadutvikling viser at kommunane på fleire område står overfor dei same spørsmåla og dei same utfordringane. Det er likevel viktig å understreke at det i liten grad vil finnast faste standardløyisingar. Kvar stad må finne sine lokalt tilpassa løyisingar. Utforming av ein heilskapleg regional- og distriktspolitikk inneber likevel at nasjonale mål og retningslinjer skal gi hovudretning og rammer for den lokale planlegginga. Ei utfordring i det kommunale planarbeidet vil her vere å utvikle større grad av lokalt ansvar knytt til velferds- og miljøspørsmål, men likevel slik at nasjonale og regionale interesser blir ivaretatt.

Berekraftomgrepet har stått sentralt i norsk politikk og samfunnsdebatt dei siste åra. Verdiskommisjonen for miljø og utvikling har formulert krav om at ei berekraftig utvikling skal tilfredstille behova til dagens generasjon utan å skape hindringar for at komande generasjonar får dekkja sine behov. Kravet om berekraftig utvikling har etterkvart fått innpass på ei rekke ulike politikk- og samfunnsområde (jf. St.meld. nr. 29 1996-97, St.meld. nr. 58 1996-97, St.meld. nr. 23 2001-2002). I framlegget til ny plan- og bygningslov er det foreslått ein ny formålsparagraf (§1-1) der kravet til berekraftig utvikling inngår som ein grunnleggande premiss (NOU 2003:14):

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og fremtidige generasjoner. Den skal legge til rette for verdiskaping, næringsutvikling, gode boliger og bomiljøer, og gode oppvekst- og levekår i alle deler av landet, og fremme folkehelse og samfunnsikkerhet.

Dette notatet drøftar nokre av dei utfordringane kommunane står overfor i arbeidet med å tilrettelegge for ”den gode staden” og ”det gode livet”. Søkelyset vil m.a. vere retta mot viktige ressursval og verdikonfliktar i samband med fysisk tettstadforming. Målet om berekraftig utvikling innanfor rammene av ein samla areal- og miljøpolitikk, medfører at den tradisjonelle arealplanlegginga blir tvinga over i eit nytt spor. Ei berekraftig utvikling omfattar både ein sosial, ein økonomisk og ein økologisk dimensjon. Erfaringar frå lokale tettstadutviklingsprosjekt viser at dette kan vere med å legge grunnlaget for ein type «alternativ» planleggingstenking i forhold til tidlegare kommunal planpraksis.

Trender i tida – globalisering og sentralisering

Med lokalsamfunnet som utgangspunkt vil materielle og fysiske strukturar dannar viktige rammer for sosiale og kulturelle aktivitetar. Gode lokalsamfunn vil kunne vere med å betre levekåra for ulike befolkningsgrupper. Ulike typar forskings- og utviklingsprosjekt har understreka ein nær samanheng mellom fysiske omgivnader, sosiale forhold og folks levekår (Miljøverndepartementet 2000b).

Den generelle samfunnsutviklinga utfordrar i dag lokalsamfunnet på ei rekke område. Ei rekke ytre forhold eller drivkrefter vil direkte og indirekte gripe vere med å legge nye rammer og premisser for kvardagsliv og levekår knytt til nærmiljø og lokalsamfunn. Nokre slike aktuelle utviklingstrender og utfordringar er nærare presentert i innstillinga frå planlovutvalet (NOU 2001:7). Ei kort oppsummering er presentert i tabellen under:

<i>Drivkrefter</i>	<i>Kommentar</i>
Globalisering	Verdsomfattande utvikling i kommunikasjon, handel og kulturell påverknad. Utvisking av nasjonsgrensene; jf. internett Globalisering av økonomi og arbeidsliv
Individualisering eller felles løysingar	Jf. ungdomskulturen; maksimal grad av personleg fridom og liten vilje til å inngå forpliktande sosiale relasjonar. Redusert aksept for offentlege reguleringar og inngrep
Privatisering	Det offentlege har lavare ambisjonar knytt til regulering og fordeling. Marknaden spelar ei stadig viktigare rolle. Individuelle løysingar og private aktørar; overgang til kundesamfunnet
Sektorisering	Auka spesialisering og auka kompleksitet. Store utfordringar knytt til samordning og tverrsektorielle løysingar. Manglande oversikt og heilskapsvurdering.
Desentralisering av myndighet	Større friheit til kommunenivået; jf. ny kommunelov og nytt inntektssystem
Risikosamfunnet	Samfunnet er prega av auka risiko for ulike typar truslar og sårbarhet; jf. miljøtruslar og truslar knytt til internasjonal terrorisme. Stor grad av usikkerheit, særleg konsekvensar i eit langsiktig tidsperspektiv. Førre-var-prinsippet.
Demografi og flyttemønster	Sentralisering: Urbanisering, vekst i Oslo-regionen, ungdom flyttar ut, attraktivitet/det gode liv, arealknapphet i sentrum Befolkningssamansetting: færre arbeidsaktive, fleire pensjonistar, generell aldring/forgubbing, men samstundes store regionale variasjonar.
Nye produksjonsmønster og informasjonsteknologi	Overgang frå industrisamfunn til kommunikasjons- og kompetansesamfunn. Krav om omstilling; jf. behov for livslang læring Informasjonsteknologien har medført ein revolusjon; jf. mengde og tilgang

Dette er utviklingstrekk som både i omfang, intensitet og retning vil kunne variere. Eit felles trekk er likevel at dette er dominerande prosessar styrt av krefter som berre i avgrensa grad vil kunne påverkast av planlegging og utviklingsprogram.

På same måte kan det presenterast ei kortfatta og stikkordsmessig oppsummering av utviklinga på nokre viktige samfunnsområde (NOU 2001:7).

<i>Samfunnsområde/tema</i>	<i>Kommentar</i>
Miljøutfordringar	Auka forbruksvekst og energikonsum har medført auka utslepp av klimagassar, auka lokale forureinings- og støyproblem, tap av produksjonsressursar og biologisk mangfald, forringing av levekår, nærmiljø og landskapskvalitetar. Miljøspørsmål er tungt inne på den internasjonale politiske dagsorden jf. spørsmål knytt til global oppvarming og tap av biologisk mangfald.
Lokal berekraftig utvikling; LA 21	FN-konferansen om natur og miljø (Rio-konferansen 1992): fem sluttdokument, m.a. oppfordring om utarbeiding av lokale miljøhandlingsplanar; Lokal Agenda 21. Krav om : <ul style="list-style-type: none"> - globalt ansvar - langsiktig tidsperspektiv - heilskapleg og tverrsektoriell tilnærming - ”nedanfrå-og-opp-perspektiv” - auka kunnskap om miljø- og utviklingsproblem
Ny verdiskaping	Norge som oljeprodusent; auka avhengighet (olje og gass 36 % av samla eksportverdi) Ny vekst i kunnskapsindustrien Nye næringar: Bioteknologi og havbruk
Velferd og fordeling	Hardare konkurranse Auka marknadsstyring; nedbygging av kollektive/frie velferdsgode Marginalisering; Framvekst av eit delt 80-20 samfunn
Primærnæringar	Fiskeri og havbruk; viktig eksportnæring Landbruk og bygdenæringar står overfor ei storstilt omstilling Næringspolitikk og distriktspolitikk
Energibruk	Auka energiforbruk; krav om energiøkonomisering og overgang til meir miljøvennlege energiformer Auka forbruksvekst; jf. auke i talet på hushald Transport
Samordna areal- og transportplanlegging	Betre og meir effektiv arealutnytting Bustadbehov Transport; jf. bilbaserte kjøpesenter
Kvalitet i våre fysiske omgivelser	Tettstadkvalitet, estetikk, byggeskikk, kulturminnevern, jf. endra formålsparagraf i PBL Miljøbyprogrammet: eit forsøks- og utvikingsprosjekt i fem utvalde byområde.
Fritid og reiseliv	Meir ferie og fritid Kommersialisering av friluftslivet Truslar mot fri ferdsel; nedbygging av sentrumsnære natur- og friområde

Avregionalisering og tap av regional identitet

Samfunnsutviklinga dei siste tiåra viser at verdiar knytt til lokal og regional identitet blir sett under press. Sosiologen Andreas Hompland har på bakgrunn av ulike typar studiar av norske kommunar og lokalsamfunn peika på at det her føregår ein type lokal nasjonalisering.

Dette gjer seg m.a. utslag på ei rekke ulike samfunnsområde. Hompland (1985) snakkar her om:

- Nasjonalisert buform
- Nasjonalisert livsform
- Nasjonalisert forbruk
- Nasjonalisert kultur
- Nasjonalisert kultur
- Nasjonalisert informasjon
- Nasjonalisert utdanning
- Nasjonalisert politikk
- Nasjonalisert standard

Dette er ei utvikling som dei siste åra har skote ny fart gjennom ei tiltakande globalisering og internasjonalisering. Resultatet ser vi i form av ei tiltakande avregionalisering der resultatet er ei utvisking eller utvatning av regional identitet og eigenart. Auka individualisering, auka mobilitet og eit meir oppsplitta daglegliv vil ytterlegare kunne vere med på å forsterke desse tendensane. I samfunnsforskninga har søkelyset i tråd med dette vore retta mot spørsmål knytt til modernisering (jf. Lash 1991, Beck 1994, Giddens 1994). Vår eiga samtid blir ofte omtalt som det post-moderne eller post-tradisjonelle samfunnet. Viktige kjenneteikn er knytt til stikkord som mangfald, fleksibilitet og kompleksitet.

Ei felles og grunnleggande oppfatning ved det notidige, eller den nye moderniteten, omfattar større vektlegging av individuelle val og prioriteringar på bekostning av fellesskapsinteresser. Dette vil kunne føre til ein form for avtradisjonisering med auka vekt på rasjonalitet og refleksjon, som i sin tur representerer ei utfordring for meir grunnleggande spørsmål knytt til identitet og tilhøyring. Med referanse til Giddens (1991) og Ziehe (1989) peikar Vartdal (2003) på at den post-tradisjonelle moderniteten inneber at livsstilsval og det å skape seg ein sjølvidentitet er ein ”refleksiv bestrebelse”. I tråd med dette blir det hevda at det moderne menneske legg større vekt på individualitet, frisetting frå tradisjonell kultur og autoritetar, samt lausriving og avlokalisering frå spesifikke stader (Vartdal 2003 s. 4).

På bakgrunn av dette er det mange som hevdar at graden av lokal eller regional tilknytning til eit lokalsamfunn, kommune eller region spelar ei mindre avgjerande rolle i dag enn tidlegare. Vi står tilbake med spørsmålet om på kva måte eller i kva omfang lokalsamfunnet eller dei fysiske omgivnadene våre påverkar kvalitative sider ved vår eigen kvardagssituasjon.

Levande lokalsamfunn

Felles for dei fleste tettstadutviklingsprosjekt vil vere at lokalsamfunnet eller nærmiljøet dannar ei naturleg ramme for arbeidet. Dei fysiske omgivnadene dannar ramme for folks kvardagsliv. Dette vil kunne omfatte ulike typar tilbod knytt til arbeid, service og fritid, men vil også vere med å legge grunnlaget for oppleving, identitet og tilhøyring til heimstaden, og for trivsel, helse og tryggleik. Ei rekke studiar – i hovudsak knytt til bymiljø – understrekar den tette koplinga mellom fysiske og sosiale forhold (sjå m.a. Gehl 1980, Gjesdal Christensen 1991, Gullestad 1994, 1995 og 1996). God lokalisering og fysisk tilrettelegging vil vere viktig

for heile befolkninga, men i særleg grad vil dette kunne gjelde for ”svake” grupper som barn, funksjonshemma og eldre (jf. St.meld. nr.29 1996-97, St.meld. nr. 39 2001-2002, St.meld. nr. 40 2002-2003).

I løpet av dei to siste tiåra er det gjennomført ei rekke ulike forsøk med ulike typar lokalt forankra plan- og utviklingsprosjekt. Miljøverndepartementet har spela ei sentral rolle som pådrivar og koordinator i mykje av dette forsøksarbeidet. Eksempel på slike tverrfaglege og tverrdepartementale utviklingsprosjekt er det s.k. SAM-programmet (”Samvirke mellom lokale og offentlege ressurser”) og Miljøbyprogrammet. Lokalsamfunnet spelar elles ei nøkkelrolle i forhold til kravet om berekraftig utvikling. FN-konferansen i Rio i 1992 om miljø og utvikling oppfordra alle land til å utarbeide eigne lokale handlingsplanar for miljø og utvikling; s.k. Lokal Agenda 21-planar.

Omgrep som ”det gode liv” og ”det gode samfunn” har stått sentralt i samfunnsdebatten dei siste åra. Sjølv om dette langt på veg er relative og subjektive omgrep, har det opna for ein meir prinsipiell debatt knytt til grunnleggjande samfunnsverdiar, behov og prioriteringar. Den s.k. Verdikommisjonen, nedsett av regjeringa Bondevik i 1998, la grunnlaget for ein meir strukturert debatt rundt spørsmål som dette – jf. formuleringane i mandatet som peikar på at:

Hovudmålet med verdikommisjonen er å bidra til en bred verdimeisig og samfunnsetisk mobilisering for å styrke fellesskapsverdiar og ansvar for miljøet og fellesskapet. Det er viktig å motvirke likegyldighet og fremme personlig ansvar, deltakelse og demokrati. (<http://www.verdikommisjonen.no/mandatet/htm>)

Verdikommisjonen la også grunnlag for eigne forsøks- og utviklingsprosjekt, gjerne i samarbeid med ulike fag- og forskingsmiljø. Gjennom prosjektet ”Det gode lokalsamfunn” vart søkelyset retta mot kvalitative sider ved lokalsamfunn og nærmiljø. I samband med dette prosjektet vart det sendt ut brev til ordførarane i alle landets kommunar med følgjande spørsmål:

- Kva gjer at det gode lokale samfunnet – i by eller bygd – er godt å leve i?
- Kva må til for å hindre at lokalsamfunnet går i oppløysing?
- Kva må til for at lokalsamfunnet skal vere godt for barn og unge?
- Kva krevst av rammevilkår frå storsamfunnet si side for at lokalsamfunnet skal fungere godt?
- Kva slags medverknad trengs frå den enkelte for å gi eit godt lokalsamfunn?

Det kom inn svar frå 126 av 435 kommunar. På same måte som kommunane representerer eit stort spenn frå folkerike storbykommunar til små utkantkommunar, avspeglar også svara stort mangfald både i form og innhald. Nokre typar av verdiar/verdisett går likevel igjen. Dette omfattar:

- lokale fellesskap med vekt på nærhet, møteplassar, kommunikasjon, integrasjon mellom generasjonar og kulturar.
- lokal identitet med vekt på det å høyre til, ta vare på lokal kultur og tradisjon, ”sjel” og lokalt særpreg.
- fridom som både opnar for frie og reelle val og personleg livsutfalding, men som også sikrar anonymitet.
- tryggleik knytt til arbeid og helse, og mot vald og kriminalitet, trafikkulykker, rovdyr...
- ansvar og frivillig innsats som m.a. kan sikre barn og unge gode oppvekstvilkår, samt betydninga av å halde liv i ”dugnadsånda”

- lokalt demokrati med vekt på større kommunalt sjølvstyre og kontroll over lokale ressursar

På same måte som for kommunane vil også lokalsamfunn kunne vere svært ulike m.o.t. lokalisering, utstrekning, folketal, næringsstruktur, service- og fritidstilbod osv. Ulike lokalsamfunn vil representere eit stort spenn på skalaen mellom det urbane og det rurale. Utviklinga over tid har også gjort at lokalsamfunnsomgrepet har endra innhald. Det moderne eller postmoderne lokalsamfunnet representerer ein kompleksitet og eit mangfald som skil seg markert frå det meir ”tradisjonelle” lokalsamfunnsomgrepet (jf. Nyseth & Aarsæther 2002). Ei utvikling med stadig større vekt på kommersialisering, privatisering og marknadsstyring har også medført at lokalsamfunnet spelar ei anna rolle i dag enn tidlegare. Det må også leggest til at lokalsamfunn og nærmiljø heller ikkje betyr det same eller like mykje for alle befolkningsgrupper. Lokalsamfunnet vil gjerne bety mest for grupper som er lite mobile eller har få alternative arenaer å forholde seg til. Dette kan omfatte barn, heimeverande småbarnsforeldre, arbeidsledige, trygda, funksjonshemma og eldre. Eit viktig prinsipp vil her vere å la dei ”svake” gruppene sine behov legge premissane for lokalsamfunnsretta plan- og utviklingsarbeid.

Stadomgrepet

Lokalsamfunnsomgrepet er nær knytt til omgrep som nærmiljø, oppvekstmiljø og tettstad. Dette er omgrep som både delvis vil kunne overlappje kvarandre, men som også vil ha behov for ei nærare avgrensing. Omgrepa vil kunne omfatte både fysiske og sosiale forhold, samspelet menneske i mellom, og menneske i forhold til sine fysiske omgivelser. I tråd med dette vil lokalsamfunnet kunne definerast gjennom ei rekke ulike faktorar (Miljøverndepartementet 2000a):

- geografisk avgrensing, topografi og barrierar
- bygningsmessig likskap
- skulekrinsar
- service, tenestetilbod og senterdanning
- statistisk grunnlagsmateriale som SSB sine grunnkrinsinnndelingar
- historie og lokale tradisjonar
- identitet og tilknytning til lokalsamfunnet
- sosiale relasjonar og organisasjonar

Lokalsamfunnet vil oftast vere eit vidare geografisk område enn nærmiljøet. Innanfor lokalsamfunnet sine grenser vil det såleis kunne finnast fleire bu- og nærmiljø. Oppvekstmiljøet omfattar alle materielle, sosiale og kulturelle forhold som har betydning for utviklinga for barn og ungdom. Lokalsamfunn og nærmiljø vil danne viktige rammer for oppvekstmiljøet.

Gjennom SSB sine folketeljingsdata er tettstadomgrepet gitt ein eintydig definisjon. Ein tettstad er etter dette eit geografisk avgrensa område der det er busett minst 200 personar og der det normalt sett ikkje er meir enn 50 meter mellom husa. Tettstaddefinisjonen inkluderer også byane. Knappt fire av fem nordmenn er i dag busett i byar og tettstader, medan talet på norske tettstader i dag nærmar seg 1000.

Tettstaden eller staden vil kunne oppfattast og studerast på ulike måtar. Ein nærare presentasjon av stadomgrepet vil i følgje Skjeggedal (2000) kunne ta utgangspunkt i tre ulike teoretiske forståingsrammer eller perspektiv. Dette omfattar:

A. *Geografisk/romleg forståingsramme:*

- Staden som fysisk bakgrunnsramme; *location* – den fysiske staden
- Staden som stadsoppleving og stadstilknytning; *sence of place* – hos aktørane/hushalda, jf. Relph, Norberg-Schulz m.fl.: identitet, tilknytning, tilhøyring osv..
- Staden som møteplass; *locale* – omfattar samspelet mellom aktør og stad, jf. Giddens struktureringsteori

B. *Attraksjonsteori; jf. reiseliv/turisme*

- Det ideografiske attraksjonsperspektivet; vektlegg formale trekk ved staden: storslått natur, vakker natur, klima, kulturhistorie, estetiske trekk, fokus på lokale eigenskapar på staden i seg sjølv
- Det kognitive perspektivet; legg vekt på turistane sine egne oppfatningar og forventningar om staden, fokus på turisten
- Formidlingsperspektivet; jf. reiseskildringar, brosjyrar, TV-program, marknadsføring av spesielle attraksjonar
- Destinasjonar; attraksjonar i stadssamanheng – staden som destinasjon blir sett i samanheng med klynger av attraksjonar eks. Røros

C. *Bolyst og livsform*

- Val mellom bofasthet og flytting er rasjonelt; å realisere det gode liv stiller krav både til materielle og sosiale/kulturelle kvalitetar ved staden:
- Dei sosiale og kulturelle forholda er avgjerande for om folk føler seg inkluderte eller ekskluderte
- Dei materielle forholda er knytt til eit sett av marknader/arenaer: arbeid, bustad, service/tenester, nærmiljø/fysiske omgivnader

Både kvar for seg og samla vil desse tre forståingsformene eller perspektiva vere med å rette søkelyset mot ”den gode staden” og ”det gode livet”. I forhold til praktisk politikk og planlegging opnar dette for tverrsektorielle og tverrfaglege tilnærmingar.

2. Materielle og fysiske strukturar som ramme for sosiale og kulturelle aktivitetar

Samfunnsplanlegging som styringsverktøy

Planlegging som samfunnsaktivitet vil kunne vere med å realisere viktige samfunns mål knytt til berekraftig utvikling, arbeid og bustad til alle, og utjamning av levekår. Planlegging kan definerast som eit system av strategiske vedtak for å forme framtidige handlingsalternativ (Østerud 1979). I tråd med dette peikar Bukve (1997) på at planlegginga både har ei avgjerdsside knytt til ønske og visjonar for framtida, og ei strukturell side knytt til styring og kontroll. Samfunnsplanlegging vil kunne oppfattast som eit verktøy for politisk styring. Eit viktig siktemål blir såleis å styre samfunnsutviklinga i ønska retning på bakgrunn av fatta vedtak om kva ein vil eller eventuelt ikkje vil.

Spørsmål om kunnskap og handling står sentralt i samband med samfunnsplanlegging. Formålet med planlegging som samfunnsaktivitet kan forståast som forsøk på å knyte saman kunnskap og handling (jf. Amdam & Veggeland 1998). Med plan- og bygningslova (PBL) av 1985 er det etablert eit felles planlovsystem for regional utvikling og planlegging. PBL omfattar både vekst og vern, samordning på tvers av tema (fysisk, økonomisk, sosialt og kulturelt) og på tvers av nivå (stat, fylke, kommunar og lokalsamfunn). Forholdet mellom planleggingtema og planleggingsnivå kan framstillast ved hjelp av ei enkel matrise:

	Fysiske forhold	Økonomiske forhold	Sosiale forhold	Kulturelle forhold
Stat				
Fylke				
Kommune				
Lokalsamfunn				

Eit stadig meir globalisert, komplekst, uoversiktleg og sektordelt samfunn representerer ei hovudutfordring for dagens samfunnsplanlegging. I lys av dette er det mange som påpeikar at det å drive med samfunnsplanlegging er vanskelegare, men samstundes både viktigare og meir nødvendig enn nokon gong tidlegare.

På bakgrunn av dette ser vi m.a. at behovet for ulike typar tverrsektorielle løysingar har blitt stadig viktigare; det er viktig å kunne legge til rette for ei meir "heilskapleg" planlegging på tvers av tradisjonelle sektor- eller etatsgrenser. I tråd med dette har søkelyset i aukande grad blitt retta mot territoriell planlegging. Dette omfattar ei planlegging av staden eller lokalsamfunnet med folk og levekår i fokus – og med større grad av lokal og individuell tilpassing. Dette er elles i samsvar med det overordna kravet om å sikre "gode levekår for alle".

På same måte som behovet for ei horisontal samordning på tvers av sektorar eller tema har blitt stadig viktigare, vil det også vere ei utfordring å etablere ei type vertikal samordning på tvers av dei ulike forvaltningsnivåa. Parallelt med dette vil det også vere viktig å legge grunnlag for samarbeid mellom offentleg, frivillig og privat sektor. Også her vil lokalsamfunnet kunne vere ein viktig felles arena.

Eit eige planlovutval er nedsett for å sjå nærare på dei utfordringane som den regionale planlegginga står overfor. Utvalet har gjennom to innstillingar, NOU 2001:7 og NOU 2003:14

vurdert og fremma forslag om endringar i lov og forskrifter som omhandlar plan- og bygningslova og tilgrensa lover. Endringar i viktige samfunnsforhold vil måtte avspeglast i lovverket. Ei viktig utfordring for planlovutvalet er nettopp å sørge for eit planverktøy som ligg i forkant av samfunnsutviklinga.

Nokre paradoks og dilemma

Planmeldinga (St.meld. nr. 29 1996-97) slår fast at desse meir komplekst eit samfunn er, dess viktigare blir det å drive med samfunnsplanlegging. Men ei samfunnsutvikling der prosessar og krefter i aukande grad er styrt av globale og ukontrollerbare forhold vil her representere ei stor utfordring for regional og lokal planlegging. I tillegg ser vi at utviklinga på ei rekke samfunnsområde også har opna opp for andre tiltak og løysingsalternativ enn det som normalt er knytt til tradisjonell planlegging. Innstillinga frå planlovutvalet (NOU 2001:7) har peika på ei rekke slike paradoks og dilemma.

Aukande behov for offentleg planlegging	Redusert tiltru til offentleg planlegging (reduisert legitimitet)
Behov for langsiktig tenking og heilskapstenking	Marknads- og privatiseringstenking
Behov for meir spissa planlegging; klarare og meir målretta	Meir fleksibel, større grad av tilpassing
Desentralisering av planleggingsoppgåver; desentralisering (kommunar og fylkeskommunar)	Sentral styring og kontroll; rammer og retningslinjer (stat/departement)
Behov for regionalisering og regiondanning	Liten aksept for ein regional planleggingsfunksjon (jf. fylkesplanlegginga)
Forenkling og effektivisering	Deltaking og medverknad
Fokus på arealbruk, utbygging og fysiske strukturar i lovteksten	Ambisjon om gen. samfunnsplanlegging; heilskapleg og tverrsektoriell, både utbygging og vern
Klart skilje mellom oversiktsplan og detaljplan	Fleksibelt og lokalt tilpassa plansystem
Overordna styring/retningslinjer	Dispensasjonar
Krav til auka kompetanse	Mangel på formell plankompetanse i mange kommunar
Forenkling, avbyråkratisering	Behov for samordning; vertikalt og horisontalt

Bygdebyen – i møte mellom det urbane og det rurale

Flyttemønster og demografiske utviklingstrekk viser at stadig fleire av oss er busett i byar og tettstader. I eit landskapsperspektiv vil sentraliserings- og urbaniseringskreftene føre til ulike typar av romleg konsentrasjon. By- og tettstadutvikling har dei siste åra blitt ein viktig del av den offentlege regional- og arealpolitikken (jf. St.meld. nr. 29 1996-97; St.meld. nr. 34 2000-2001). I ein samordna by- og tettstadpolitikk blir det peika på at tiltak knytt til tverrsektorielt samarbeid og langsiktig planlegging vil vere avgjerande for å løyse nye utfordringar knytt til arealbruk, transport, helse og miljø, levekår, bustadpolitikk og næringsutvikling (St.meld. nr. 23 2001-2002).

I planleggingsdebatten har søkelyset m.a. vore retta mot bygdebyen som fenomen. Ellefsen (1985, 1986) har diskutert bygdebyen som idealtipe. Dei norske bygdebyane har ei rekke

fellestrekk som gjer dei veileigna som referansegrunnlag og illustrasjon i samband med drøftingar av lokale areal- og tettstadutviklingsproblem. Karakteristiske kjenneteikn er knytt til forhold som at:

- *Stedene er nye, eller er mindre steder som er endret til det ugjenkjennelige. Størstedelen av det fysiske miljøet er bygd i etterkrigstida.*
- *Stedene er planskapt. Etterkrigstidas lovverk, metoder og idealer er brukt til å forme dem.*
- *De bygde omgivelsene har i stor grad de samme kjennetegnene.*
- *De aktuelle planleggings- og forbedringsproblemene stedene står overfor samsvarer i stor grad*
(Ellefsen 1985, 10)

Mange har peika på at framveksten av det moderne etterkrigs-Noreg har vore ledd i ein omfattande standardiserings- eller avregionaliseringsprosess. Bygdebyen som fysisk form må forståast og forklarast i lys av dette. Bygdebyane har vakse fram over same korte tidsrom, vekstkraftene er dei same og dei fysiske omgivnadene er forma i ein prosess med mange likskapspunkt. Bygdebyen har såleis ikkje som byen ein urban tradisjon å bygge vidare på, og står fram som ein møteplass mellom to ulike kulturtradisjonar med sine bestemte sett av verdiar.

Bygdebyen – tettstad utan sjel?

Gjennom ei rekke ulike forsøks- og utviklingsprosjekt i løpet av dei to siste tiåra har søkelyset vore retta mot by- og tettstadutvikling. Miljøverndepartementet har spela ei viktig koordineringsrolle i dette arbeidet. Ei særleg utfordring har vore knytt til å få betre skikk på tettstadene. Som eit ledd i dette arbeidet vart status med vekt på kvalitetar og manglar ved tettstadane summert opp på følgjande måte (Miljøverndepartementet 1992a)

Kvalitetar (+)	Manglar (-)
vakkert landskap og kontakt med naturen mangfald og menneskeleg målestokk levande lokalsamfunn med forhistorie/kontinuitet høg teknisk standard lokalpatriotisme og lokalt engasjement	tettstadane er meir ”spreidde” enn ”tette” biltrafikken skaper store miljøproblem byane og tettstadane manglar samanhengande grønstruktur og biologisk mangfald tettstadane manglar arkitektonisk kvalitet tettstadane verkar ”uflidde”

Om mulige årsaker til denne situasjonen vart det peika på følgjande forhold:

- manglande allmenn innsikt og bevisstheit
- uklare/konflikterande mål og ideal
- manglande planlegging og dårlege resultat/mål oppfylling
- sterk sektorisering og oppsplitta forvaltning
- mangelfull bruk av lovverket
- konflikterande og forelda normer og retningslinjer

På bakgrunn av utviklingstrekk og mønster som dette har det frå ulikt hald blitt hevda at bygdebyen manglar *sjel* eller *stadkarakter*. Ellefsen (1985, 41) snakkar her om den ”historielause” bygdebyen:

Bygdebyen er ”historieløs”. Den er et produkt av omgivelsesproduksjon i etterkrigstida med de karakteristika denne produksjonen hadde. Førkrigshistorien

eksisterer bare som lite dominerende struktur- og bebyggelsesfragmenter innenfor helheten. Etterkrigsøkonomi, etterkrigsteknologi og etterkrigsidealene har formet stedene i sitt bilde. Det generelle i dette bildet dominerer over det stedegne.

Langdalen (1994) samanfatar den meir generelle kritikken mot bygdebyane med å peike på at utbyggingsområda manglar regional karakter og lokal tilpassing. Tettstadene blir meir einsformige og standardiserte, dei blir karakterlause og likearta uavhengig av klima- og landskapssituasjon. Omsynet til lokalhistorisk utvikling, byggeskikk og kulturmiljø er ofte mangelfullt ivaretatt – likeeins omsorg for estetiske kvalitetar og funksjonelle behov. Ei viktig utfordring for den fysiske planlegginga vil her vere å finne tilbake til viktige sider ved bygdebyens lokale identitet og eigenart, og med dette som grunnlag skissere løysingar for vidare tettstadutvikling.

Frå prat til praksis – etablering av forum for byggeskikk, bygningsmiljø og tettstadforming

Som eit tiltak for å få denne debatten inn i meir strukturerte og formaliserte former er det etter kvart etablert egne regionale ide- og debattfora for byggeskikk, bygningsmiljø og tettstadforming. Planavdelinga i Sogn og Fjordane fylkeskommune var tidleg ute med etablering av ein *forsøksring for byggeskikk, bygningsmiljø og tettstadforming* (Ryhl 1990), og danna modell for liknande opplegg i regi av fylkeskommunar og kommunar landet over. Møre og Romsdal fekk midt på 1990-talet sitt eige tettstadforum med siktemål å "...fungere som ein regional møtestad for informasjonsformidling og diskusjon av utforming, omforming og vedlikehald av det fysiske miljøet". (Øvsthus 1996, 6)

Etablering av tettstadfora som dette har medverka til auka lokal interesse og engasjement i høve til fysisk planlegging og tettstadutvikling. Vi har fått større merksemd retta mot landskap og fysisk miljø som ramme for kvardagslivet vårt, ikkje minst er det aukande interesse for å legge vekt på estetiske kvalitetar og lokal identitet. Men også spørsmål om trafikktryggleik, tilrettelegging for mjuke trafikantar og arealøkonomisk utbygging er viktige i diskusjonen om korleis vi skal vidareutvikle tettstadene.

Krav til kommunale planleggingssystem

Storparten av praktisk retta planlegging er knytt til kommunenivået, og kommunane er gitt eit grunnleggjande og samordna ansvar for arealforvaltninga innanfor sine geografiske område. Kommuneplanens arealdel er ein langsiktig plan for utvikling av kommunens arealbruk. Gjennom plan- og bygningslova av 1985 fekk kommuneplanens arealdel direkte rettsverknad. Planen skal fastlegge hovudmønsteret for arealforvaltning og utbygging, og vil elles danne utgangspunkt for utarbeiding av fysiske detaljplanar.

Kommunal eigengodkjenning føreset likevel at overordna styresmakter er einige og ikkje reiser motsegn mot planframlegget. Plan- og bygningslova understrekar behovet for tidleg kontakt mellom partane. Erfaringar viser at arealplanprosessane ikkje fungerer godt nok for å løyse problem på eit tidleg tidspunkt. Ei viktig utfordring ligg såleis i å tilrettelegge for planprosessar som opnar for brei deltaking både frå stat, fylke og kommune, og sikrar aktiv medverknad frå ulike typar lokale aktørar. Dette kan leggest opp som ein læreprosess der fagkunnskap møter lokalkunnskap, og der viktige spørsmål og konflikhtar kan drøftast og løysast under vegg.

Når ein ser attende på tettstadveksten i mindre kommunar her til lands etter siste krigen, må ein kunne konkludere med at utbygginga har tatt i bruk langt meir areal enn det veksten i

folketal skulle tilseie. Vi har fått utforma tettstader som egentleg ikkje har tett, men spreidd busetnad. Utbyggingsinteressene synest å legge til grunn at areal ikkje er ein endeleg ressurs. Vidare har kortsiktige verneinteresser knytte til landbruksareal, naturareal og friluftareal tvinga fram utbygginga på areal med mindre verneinteresser, men som gjerne har liten samanheng med tidlegare utbyggingsareal

Men arbeidet med tettstadutvikling vil som vi har sett omfatte langt meir enn tiltak knytt til arealbruk og fysisk infrastruktur. Både sosiale, kulturelle og økonomiske forhold må trekkast inn. Tettstadutvikling opnar såleis for ein type tverrsektoriell og territoriell planlegging.

3. Nasjonale miljømål

Berekraft og stadforming – fysiske miljøkvalitetar i fokus

Norske byar og tettstader står i dag overfor store utfordringar i arbeidet med å nå målsettingane om ei miljøvennleg og berekraftig utvikling. Generelle urbaniserings- og sentraliseringskrefter gjer at presset mot areal- og miljøressursane er særleg stort i tettbygde område. Miljøverndepartementet har vore ein viktig pådrivar i arbeidet for ein felles innsats for betring av fysisk miljøkvalitet, og eit eige utviklingsprogram for tettstadforming vart starta opp tidleg på 1990-talet. Behovet for vidare utprøving og utvikling av metodegrunnlaget for fysisk tettstadforming var retta mot både prosess- og produktretta deler av planarbeidet. Dette danna eit viktig bakteppe ei rekke ulike tettstadutviklingsprosjekt, ofte etablert som samarbeidstiltak mellom lokale, regionale og sentrale planleggingsorgan.

For å nå målsettingane om ei meir miljøvennleg og attraktiv by- og tettstadutvikling vil det vere behov for ei kontinuerleg styring av bruken av arealressursane, samstundes som søkelyset i større grad blir retta mot kvalitative sider ved det fysiske miljøet. Dette har lagt grunnlaget for ein type rullerande fysisk planlegging, forankra i krav om lokal deltaking og medverknad. Kravet om lokal tilpassing har samstundes opna for større grad av tverrfagleg og tverrsektoriell samordning. Fysiske og materielle strukturar kan ikkje sjåast isolert frå økonomiske, sosiale og kulturelle forhold (St.meld. nr. 31 1992-93; St.meld. nr. 29 1996-97).

Dei politiske målsettingane om berekraftig by- og tettstadutvikling er m.a. nedfelt i Stortingsmelding nr. 29 1996-97; Om regional planlegging og arealpolitikk (s.7):

I byer og tettbygde områder skal det legges større vekt på å utvikle et miljøvennlig utbyggingsmønster og transportsystem, med sikring av grønne områder. Byutviklingen må legge til rette for at kollektivtransporten kan ta en større del av transportarbeidet. Bysentrene og bydenes tettsteder må styrkes. Det skal videreutvikles gode planmodeller og planleggingsverktøy både for byregioner, byer og små og mellomstore tettsteder. Det vil bli lagt vekt på å utvikle gode boforhold og levende lokalsamfunn i byområder og tettsteder. Boligbygging må i større grad finne sted innenfor allerede bebygde områder og kulturmiljøer. Kvalitet i bebyggelse, utemiljø og stedsforming må sikres, og sammen med lokale tjenester og aktiviteter danne ramme for et godt hverdagsliv og oppvekstmiljø.

Lenger ute i sammen meldinga (s. 10) er rammer og retningslinjer for regional planlegging innanfor rammene av kravet om berekraftig utvikling nærare utdjupa:

Det bygde miljø gir regional og lokal identitet og tilhørighet ved at det omfatter bygninger, anlegg og infrastruktur som er utviklet over lang tid ... En viktig målsetting for utviklingen av lokalsamfunn er å bedre levekårene for beboerne i bred forstand. Sosiale nettverk skal styrkes, folk skal føle seg trygge, omgivelsene skal være gode for lek, opphold og andre aktiviteter. Planlegging og tilrettelegging av de fysiske omgivelsene er bare ett av mange virkemidler for å skape gode lokalsamfunn. Likevel viser erfaringer at det er nær sammenheng mellom de sosiale omgivelsene, de sosiale forhold og folks levekår. De fysiske omgivelsene legger rammer for folks hverdagsliv; for arbeid, opplevelse, identitet og tilhørighet til hjemstedet, og for trivsel, helse og trygghet. Gjennom planleggingen legges også rammene for folks valgmuligheter med hensyn til å planlegge hverdagslivet sitt, hvilke forbruksmønstre og forbruksvaner som danner seg på viktige områder, og til syvende

og sist påvirkes også praksis og holdninger og verdier. God lokalisering og fysisk tilrettelegging er viktig for hele befolkningen og særlig for barn, funksjonshemmede og det økende antallet eldre.

Kommunane står i dag overfor ei rekke store utfordringar i si tettstadplanlegging. Søkelyset vil m.a. vere retta mot viktige ressursval og verdikonfliktar i samband med vidare sentrumsutvikling. Målet om berekraftig utvikling innanfor rammene av ein samla areal- og miljøpolitikk, medfører at den tradisjonelle arealplanlegginga blir tvinga over i eit nytt spor.

Tverrsektoriell tilnærming

Frå sentralt statleg hald er det dei siste åra tatt initiativ til ei brei miljøpolitisk satsing på tvers av tradisjonell sektortenkning. I stortingsmelding nr. 31 (1992-93) og nr. 29 (1996-97) blir prinsipp og retningslinjer for ein samordna areal- og miljøpolitikk presentert. Behovet for ein slik heilskapleg, nasjonal arealpolitikk er m.a. motivert ut frå at:

- areal er ein avgrensa og sårbar ressurs
- det knytter seg viktige verdier og interesser til bruk og vern av arealressursane
- arealbrukskonfliktar må løysast ut frå overordna og langsiktige omsyn
- konfliktløsning er ei politisk oppgåve som må løysast på grunnlag av ein demokratisk prosess

Det ligg ei særleg utfordring i å omsette målet om ei berekraftig utvikling til ein regionalt forankra arealpolitikk (jf. Aall m.fl. 2002). Brundtlandkommisjonen si innstilling om berekraftig utvikling, med krav om redusert arealbruk og vern av biologiske ressursar, er her lagt i botnen (Verdenskommisjonen 1987). Nasjonale mål og retningslinjer skal gi hovudretning og rammer for den lokale planlegginga. Så langt praktisk muleg bør såleis nasjonale og regionale interesser klargjerast i forkant av planprosessane lokalt.

Søkelys på landskap og landskapsverdier

Utforming av ein heilskapleg nasjonal areal- og miljøpolitikk inneber at nasjonale mål og retningslinjer skal gi hovudretning og rammer for den lokale planlegginga. Ei utfordring i det kommunale planarbeidet vil her vere å utvikle større grad av lokalt ansvar knytt til areal- og miljøforvaltninga, men likevel slik at nasjonale og regionale interesser blir ivaretatt.

Landskap og landskapsverdier vil her kunne trekkast inn som ein viktig fellesnemnar. Dette er i tråd med den breie landskapsforståinga som er lagt til grunn for den europeiske landskapskonvensjonen, referert i Gaukstad & Sønstebø (2003, 9):

'Landscape' means an area, as perceived by people, whose character is the result of the action and interaction of natural and/or human factors.

(Den Europeiske Landskapskonvensjonen, Firenze, 20. okt. 2000)

Ei viktig utfordring knyter seg her til utvikling av ein metodikk som opnar for vurderingar av ulike typar landskapskvalitetar som ein integrert del av den kommunale arealplanlegginga. Utgangspunktet kan her vere å etablere eit sett med kriterium for landskapskvalitet som kan leggest i botnen for vurderingar knytt til utbyggings- og vernetiltak. I ein norsk og nordisk kontekst er dette m.a. tidlegare drøfta av Jones (1981, 1991), Nordisk Ministerråd (1987) og Geelmuyden (1993).

Landskapet dannar fysiske rammer rundt menneskeleg aktivitet. Dette opnar for ei vurdering av landskapet som ressurs, med innebygde kvalitetar knytt opp mot miljømessige,

økonomiske, sosiale og kulturelle verdier eller verdsett. Viktige eigenskapar eller kvalitetar ved landskapet vil kunne tilfredstille ulike menneskelege behov eller oppfylle ulike funksjonar (Jones 1981). Landskapet sine ressursverdier kan etter dette kunne delast inn i fire kategoriar:

- økonomisk verdi
- vitenskapleg og pedagogisk verdi
- opplevingsverdi
- identitetsverdi

Med landskapet og den romlege dimensjonen som fellesnemnar vil miljøperspektivet på denne måten også kunne utvidast til å omfatte spørsmål om levekår og ”det gode liv”.

Ei slik grunnleggande forståing av landskapet sine kvalitative sider er også utgangspunktet for Grundt (1989) når han drøftar kva praktiske konsekvensar dette bør få for arealplanlegging og lokalsamfunnsutvikling. Inngrepa og endringane i kulturlandskapet skjer i dag i eit større omfang og i eit raskare tempo enn tidlegare. For kommunane vil plan- og bygningslova her vere eit viktig verktøy i arbeidet med å samordne aktuelle utbyggings- og vernetiltak. Lova opnar også for å trekke inn landskap som eige plantema, i praksis gjerne kopla til andre tilgrensande tema som grønstruktur, friluftsliv, byggeskikk osv. Landskap og landskapsverdier inngår også som tema i eigne rettleiingshefte retta mot kommunal arealplanlegging (jf. m.a. Miljøverndepartementet 1993a, 1996a, 1997a, 2000). Eit særleg problem vil likevel vere at landskap og landskapsverdier ofte blir trekt seint inn i planprosessen og såleis i meir avgrensa grad vil kunne vere med å legge premisser for lokalt plan- og utviklingsarbeid.

I arbeidet med revisjon av Plan- og bygningslova er det i innstillinga frå planlovutvalet (NOU 2003:14, 11) gjort framlegg om at omsynet til landskap og landskapsverdier blir meir eksplisitt uttrykt i lovteksten. I forslaget til ny formålsparagraf (§1-1) heiter det m.a. at lova skal “...sikre vern av verdifulle landskap og natur- og kulturmiljøer og sikre naturgrunnlaget for samisk kultur”. I formålsparagrafen blir det også understreka at lova “...skal ivareta hensynet til estetikk og god byggeskikk”.

Landskapet som fysisk ramme for kvardagsliv og kvardagsopplevingar vil kunne spele ei viktig rolle i forhold til spørsmål om kven vi er og kvar vi kjem frå. Lokal tilknytning til staden omhandlar i første rekke kvalitative forhold. Når endringsprosessane går for fort og når omveltingane blir for store, er det mange som hevdar at tettstadutviklinga etter kvart har tatt ei retning som gjer at mykje av den lokale identiteten og eigenarten er i ferd med å gå tapt.

Om årsakene til dette blir det m.a. peika på mangel på kunnskap og bevisstheit om dei verdiane og kvalitetane som ligg nedfelte i bygningsmiljø og landskap. Fleire etterlyser ein levande debatt om kva prinsipp og retningslinjer som bør leggest til grunn for den fysiske utforminga av eige nærmiljø. Dette er også problemstillingar som må avspeglast i dei kommunale plandokumentata – landskap og landskapsverdier må trekkast aktivt inn som ein eigen kvalitativ dimensjon i planprosessen (Emmelin 1984; Emmelin m.fl.1990; Nordisk Ministerråd 1987; Grundt 1989).

Lokal Agenda 21 og berekraftig utvikling

Mykje av mål- og strategidebatten knytt til berekraftig utvikling vil kunne koplant til arbeidet med Lokal Agenda 21 (LA21). LA21 er ein handlingsplan for det 21. århundre, der kommunane i samhandling med befolkninga blir oppfordra til å lage lokale handlingsplanar på lokale miljøutfordringar.

Dette omfattar m.a. at:

- lokale tiltak blir vurdert i eit globalt perspektiv
- søkelyset blir retta mot langsiktig tenking (tenke fleire generasjonar framover)
- tverrsektoriell tenking blir lagt til grunn; med fokus på heilskap og samheng (natur, kultur, helse, sosiale forhold, fordeling, livskvalitet...)
- lokale miljøhandlingsplanar blir integrerte i det øvrige kommunale planleggingsarbeidet
- lokal deltaking og medverknad blir stimulert (jf. PBL §16)

Miljøverndepartementet har eit viktig samordningsansvar i forhold til kommunane si satsing på LA21-arbeidet. Gjennom eit eige strateginotat (Miljøverndepartementet 1998b) er det gjort nærare greie for hovudvisjonen for LA21-arbeidet: "Lokal Agenda 21 skal bidra til en grunnleggende verdidebatt og bygge opp politisk vilje og evne til å håndtere bærekraftig utvikling i norske kommuner."

Bakgrunnen for arbeidet med LA21 går tilbake til FN-konferansen om Miljø og utvikling i Rio i 1992. Som eitt av fem sluttdokument frå denne konferansen vart det utarbeid ein eigen handlingsplan for det 21. århundre; Agenda 21. Kapittel 28 i Agenda 21 oppfordrar alle lokalforvaltningar i verda til å gå i dialog med sine innbyggjarar, frivillige organisasjonar og næringsliv om å sette i gang prosessar for ei berekraftig utvikling. Dette er elles heilt i tråd med den tidlegare innstillinga frå Brundtlandkommisjonen knytt til slagordet om å *tenke globalt og handle lokalt!* (Verdskommisjonen 1987)

Ei viktig utfordring vil vere å sikre LA21-arbeidet ei nasjonal forankring. I Norge vil kommunane spele ei nøkkelrolle i arbeidet med å utvikle slike lokale miljøhandlingsplanar. I samband med dette har det vore viktig å bygge vidare på tidlegare erfaringar med lokalt forankra miljøretta forsøks- og utviklingsarbeid. Dette omfattar m.a. erfaringar knytt til det s.k. MIK-prosjektet (Miljøvern i kommunane). For ein nærare omtale av LA21 som ledd i eit tverrpolitisk satsingsområde kan det m.a. visast til Stortingsmelding nr.4 (1996-97): *Langtidsprogrammet*, Stortingsmelding nr. 29 (1996-97): *Regional planlegging og arealpolitikk* og Stortingsmelding 58 (1996-97) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*.

Arbeidet med LA21 har eit praktisk siktemål. Søkelyset er i stor grad retta mot viktige miljøutfordringar som treng straksløysing. Dette omfattar tiltak knytt til:

- berekraftig forbruk
- energi og klima
- utvikling mot meir berekraftig transport
- auka presisjon i arealforvaltninga med særleg vekt på biologisk mangfald
- utvikling av ein berekraftig næringspolitikk

Den sosiale dimensjonen er også viktig og omfattar m.a.:

- Nord-Sør-perspektivet
- verdispørsmål knytt til livskvalitet, kultur og helse

I det praktiske LA21-arbeidet er det viktig å etablere ulike typar samhandlings- og samarbeidsformer . Aktuelle samarbeidsaktørar kan her vere:

- lokale og regionale styresmakter
- frivillige lag og organisasjonar
- fagmiljø (utdanning og forskning)
- departementa (MD samordningsansvar)
- næringsliv og fagrørsle

Ein viktig strategi for å vinne oppslutning og få gjennomslag for LA21-arbeidet har vore knytt til utvikling og tilrettelegging av regionale knutepunkt. Dette har fungert som lærings- og formidlingsnivå ut til kommunane. Viktige oppgåver omfattar:

- rettleiing og informasjonsspreiing
- samarbeid med fylkeskommunane og regionale statlege styresmakter
- sette berekraftig utvikling på den lokalpolitiske dagsorden; integrerast i kommunalt planleggingsarbeid
- medverke til internasjonalt samarbeid og solidaritet

Oppslutninga om LA21 nådde ein topp på slutten av 1990-talet med m.a. avvikling av ein stor nasjonal miljøkonferanse i Fredrikstad i 1998. Eit viktig siktemål med konferansen var utarbeiding av eit felles handlingsdokument for kommune-Norge, den s.k. Fredrikstaderklæringa. Som ei oppfølging av Fredrikstadkonferansen og som ei førebuing for 10-årsmarkeringa av Rio-konferansen var Stavanger vertskapsby for ei stor nasjonal miljømønstring hausten 2001. Dei siste åra har interessa og engasjementet knytt til LA21-arbeidet vore avtakande. Årsakene til dette er både mange og samansette, men organisatoriske og økonomiske forhold med direkte koplingar til den nasjonale miljøpolitikken har gjort store utslag.

Sjølv om LA21 som omgrep har tapt oppslutning, er likevel innhaldet og arbeidsforma ført vidare gjennom ulike typar av lokalt plan- og utviklingsarbeid. Eit viktig aspekt ved LA21-satsinga har vore at prosessen har fokusert på langsiktig planlegging og oppfølging, og samstundes hatt som mål å vere koplade direkte opp mot det lovpålagde arbeid i kommunane. Ei viktig utfordring for kommunane vil her vere å vidareføre LA21-tenkinga gjennom det løpande kommuneplanarbeidet (Aall, Høyer & Lafferty 2002). Erfaringar og kunnskapsproduksjon knytt til arbeidet med LA21 og berekraftig utvikling er elles i særleg grad tatt vare på gjennom Program for forskning og utredning for et bærekraftig samfunn ved Senter for utvikling og miljø knytt til Universitetet i Oslo; ProSus (http://www.prosus.uio.no/bu/la_21/) . Men også andre universitets-, høgskule- og forskingsmiljø har medverka. Av meir praktisk retta oppfølgingstiltak i samband med LA21 har i første rekke Idebanken og Kommunenes Sentralforbund (KS) spela ei viktig rolle.

4. By- og tettstadutvikling i miljøperspektiv

Forsøks- og utviklingsprogram

I løpet av dei siste 10-15 åra har det vore gjennomført eit omfattande forsøks- og utviklingsarbeid kopla opp mot miljøvennleg by- og tettstadutvikling. Felles for fleire av desse prosjekta er at tema og problemstillingar rettar søkelyset mot fysisk miljø som ramme for daglegliv og sosial samhandling. Koplinga mellom miljø og planlegging tar utgangspunkt i arealbruk og fysiske strukturar, men opnar likevel for eit større tverrfagleg perspektiv ved å trekke inn sosiale, kulturelle og økonomiske forhold.

Forsøks- og utviklingsprogram som dette har gjerne eit fleirsidig siktemål og vil oftast vere organisert som eit samarbeidstiltak mellom ulike partar. Miljøverndepartementet har spela ei sentral koordineringsrolle i samband med fleire av desse programma, og har samarbeidd tett både med fagmiljø sentralt og lokalt, og med regionale og lokale planstyresmakter (jf. Næss 192, Hovik og Johnsen 1994, Kleven 1998, Lafferty m.fl. 1998).

Av eksempel på slike større nasjonale forsøks- og utviklingsprogram kan nemnast:

- NAMIT (Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling)
- MIK (Miljøvern i kommunene)
- Milkom (Miljøvern i kommunal planlegging)
- SAM (Samvirke mellom lokale og kommunale ressurser)
- Miljøby
- Program for miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene

Felles for desse programområda er at dei tematisk spenner breidt, og at ambisjonane om integrasjon og heilskaplege vurderingar er lagt høgt. I tillegg til desse har det også vore gjennomført ei rekke meir tematisk avgrensa nasjonale program. Eksempel på dette er:

- Aksjon skuleveg
- Sykkelby
- TON (trafikk, oppvekst, nærmiljø)

Det har også vore gjennomført ei rekke meir regionalt og lokalt forankra forsøks- og utviklingsprogram. Fleire av desse vil elles kunne inngå som delprosjekt knytt til dei tidlegare nemnde nasjonale programma.

Sjølv om desse forsøksprogramma på fleire område er ulike, vil der også vere mange likskapstrekk. Dette omfattar m.a. eit tydeleg verdistandpunkt knytt til omgrep, normer og verdiar som:

- berekraftig utvikling
- vekst-/vern-problematikk
- den gode staden
- likeverdige levekår
- regional utjamning

Med dette som utgangspunkt blir det peika på at utfordringane er nær knytt til spørsmål om: globalisering

- økonomisk vekst
- politikk/maktstrukturar

- type kunnskap: fagkunnskap vs. lokalkunnskap
- ressursknapphet
- handlingsevne; frå prat til praksis

Erfaringar og kunnskapsutvikling basert på dette forsøksarbeidet vil kunne gi nyttige tilbakespel til lokale plan- og utviklingsprosessar . Mykje av rapporteringa på bakgrunn av desse programma er også i tråd med dette direkte forma som informasjons- eller rettleiingsdokument. Ei generell utfordring er ofte knytt til spørsmålet om korleis ta steget frå plan til gjennomføring.

Ei eiga stortingsmelding – *Bedre miljø i byer og tettsteder* (St.meld. nr. 23 2001-2002) – summerer opp erfaringar og kunnskapsstatus knytt til forsøksarbeidet med miljøvennleg by- og tettstadutvikling. Meldinga understrekar at ei berekraftig tettstadutvikling stiller oss overfor store utfordringar m.o.t. helse og miljø, transport, arealbruk, levekår, bustadpolitikk og næringsutvikling. Det blir vidare peika på konkrete forslag til strategiar, verkemiddel og tiltak knytt til planlegging og miljøpolitikk.

Miljøbyprogrammet

Av større nasjonale by- og tettstadutviklingsprogram med ein klar miljøprofil, har det s.k. miljøbyprogrammet vore ein viktig referanse. Programmet starte opp i 1992 etter initiativ frå Miljøverndepartementet, og vart avslutta i 2000. Programmet omfatta fem norske byar:

- Fredrikstad
- Kristiansand
- Bergen
- Tromsø
- bydel Gamle Oslo

Målet for forsøksarbeidet var å snu utviklinga i ei meir miljøvennleg retning, der det langsiktige perspektivet var å utvikle modellar for ei meir berekraftig utvikling. Dette skulle samstundes vere med på å legge grunnlaget for arbeidsplassar, betre oppvekstmiljø og betre levekår i byane. Hovudideen var å utvikle ein heilskapleg arbeidsmåte, der løysinga på mange av miljøproblema skulle vurderast i samanheng. Langsiktig planlegging og raske miljøforbetringar skulle trekke same veg. (Miljøverndepartementet 2000b s.4).

Ei hovudutfordring for byane er dei store miljøproblema knytt til privatbilen som transportmiddel og premiss for byutvikling. Støy og forureining er alvorlege levekårsproblem for mange, samtidig som bymiljø og uteareal er forringa eller utrygge. Byane har i dag ein ressursbruk som ikkje er berekraftig. Dette stiller krav om å legge om mønsteret for byutvikling frå ein sterkt arealkrevjande og bilbasert byvekst til meir konsentrerte byar med vekt på miljøvennelege transportformer, fortetting rundt kollektivknutepunkta og forbetring og utvikling av allereie utbygde byområde (Miljøverndepartementet 2000, St.meld. nr. 23 2001-2002).

Miljøbyprogrammet har hatt ei tverrfagleg prosjektorganisering med utgangspunkt i seks ulike satsingsområde:

- *Areal- og transportplanlegging (ATP)*
- *Sentrumsutvikling*
- *Byboliger og lokalsamfunn («Levende lokalsamfunn» fram til 31.12.96)*

- *Grønnstruktur, natur og friluftsliv*
- *Avfall og gjenvinning*
- *Stedsforming og kulturminner*

For kvart satsingsområda vart det etablert faggrupper med representantar frå dei fem byane, aktuelle direktorat og departement. Miljøverndepartementet har hatt sekretariats- og samordningsansvar for programmet, og har medverka til ein omfattande seminar-, konferanse- og rapporteringsaktivitet. Dette omfattar både intern møteaktivitet, men også opne konferansar; t.d. årlege miljøbykonferansar.

Eit viktig mål med programmet var å gi miljøbyarbeidet ei god politisk og administrativ forankring. Dette omfatta m.a. ei særleg vektlegging for å styrke:

- lokal planlegging og medverknad for å utvikle lokalsamfunn og bysentrum
- samarbeid mellom etatar på kommune- og fylkesnivå om bystruktur og bytransport

Erfaringane frå Miljøbyprogrammet viser at byane har utvikla nye grep og strategiar for ei meir miljøvenleg byutvikling. Dette inneber m.a. at

- kommunane prioriterer sterkare enn før redusert arealbruk og fortetting i byggesona
- grønstrukturen blir betre sikra gjennom planlegging og styrt utbygging
- styrking av kollektivtransporten møter hindringar p.g.a. institusjonelle ordningar og manglande kompetanse.
- bilbaserte kjøpesenter konkurrerer med sentrum og lokale butikkar
- miljøbyane satsar på lokal planlegging og nærmiljøutvikling

Dagens byar er spreiddbygde og bilbaserte. Kravet om berekraftig utvikling inneber ei omstrukturering knytt til ein meir langsiktig og målretta plan- og utviklingsstrategi. I tråd med dette er det skissert ein prinsipiell modell for miljøvenleg byutvikling, bygd opp omkring sju hovudelement:

- Kollektivtransporten utgjer ryggrada i bystrukturen både lokalt og regionalt...
- Eit sterkt sentrum med konsentrasjon av arbeidsplassar, bustader, handel og kontorfunksjonar...
- Konsentrert utbygging av næring og bustader i knutepunkta for kollektivtransporten...
- Lokalsamfunn med tett og variert busetnad, grønne lungar, skular, barnehagar, handel og næring...
- Samanhengande grønstruktur som omfattar sjø og natur, friområde, parkar og jordbrukslandskap...
- Hovudnett for sykkeltrafikk som gjer sykkelen til eit attraktivt transportmiddel...
- Hovudvegssystem som er lagt utanfor lokalsamfunna, sentrum og knutepunkta, men som likevel opnar for lett tilkomst.

Hovudrapporten frå Miljøbyprogrammet peikar på at det på bakgrunn av eit breitt fagleg og politisk samarbeid mellom sentrale og lokale planstyresmakter har vakse fram ei felles forståing av at det på alle nivå er behov for endringar og omstillingar for å snu utviklinga i miljøvenleg retning. Dette omfattar m.a. krav om at (Miljøverndepartementet 2000b s.46-48):

- det må utviklast ein heilskapleg politikk for berekraftig byutvikling med eit langsiktig perspektiv.
- det må utviklast miljøvenlege bystrukturar for byområda som ramme for private og offentlege investeringar

- for å utvikle miljøbyar trengs nye organisasjons- og samordningsformer som sikrar samordning mellom ulike partar og forvaltningsnivå
- offentlege styresmakter må stimulerast til miljøvennlege handlingar og forbruksmønster hos befolkninga og næringslivet

Det blir også peika på at desse meir generelle tilrådingane kan følgjast opp meir spesielt i forhold både til kommunane, og til sentrale og regionale styresmakter.

Miljøbyprogrammet har lagt grunnlaget for ei omfattande rapportering. Dette fordeler seg på ei rekke ulike rapporteringskategoriar:

- Undervegsrapportering: ulike typar informasjon, rettleiingshefte, arbeidsrapportar m.m.
- Midtvegsevaluering; jf. NIBR nov.-97: *Midtveisevaluering av Miljøbyprogrammet*
- Sluttrapportering knytt til:
 - a) Hovudrapport
 - b) Byrapportar; Fredrikstad, Kristiansand, Bergen, Tromsø, Gamle Oslo
 - c) Fagrapportar for kvar av dei seks satsingsområda
 - Areal- og transportplanlegging (ATP)
 - Sentrumsutvikling
 - Byboliger og lokalsamfunn («Levende lokalsamfunn» fram til 31.12.96)
 - Grønnstruktur, natur og friluftsliv
 - Avfall og gjenvinning
 - Stedsforming og kulturminner

I etterkant har det frå ulike hald blitt retta eit kritisk søkelys på Miljøbyprogrammet; jf. m.a. Skjeggedal 2002. Erfaringar og kunnskap på bakgrunn av miljøbyprogrammet representerer i følgje kritikarane "lite nytt".

Program for miljøvennlege og attraktive tettstader i distrikta

Som ein parallell og vidare oppfølging av Miljøbyprogrammet vart programmet *Miljøvennlige og attraktive tettstader i distriktene* (MAT) starta opp i 2001. Medan Miljøbyprogrammet var retta mot større bykommunar, er MAT-programmet retta mot tettstadutvikling i distriktskommunar. Programmet strekker seg over ein periode på 5 år (2001-2005). Det er lagt opp til eit tett samarbeid mellom sju ulike departement; Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Barne- og familiedepartementet, Kulturdepartementet, Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet, Landbruksdepartementet og Samferdselsdepartementet.

Programmet rettar søkelyset mot små og mellomstore tettstader. Det å utvikle gode og attraktive tettstader i distrikta vil vere ein viktig distriktpolitisk strategi i kampen mot vidare urbanisering og sentralisering. Jakta på "det gode liv" tar gjerne utgangspunkt i bustaden og bumiljøet, og med krav retta til arbeid, utdanning, privat og offentleg service, fritidstilbod, familie og vener, fysisk miljø m.v. På bakgrunn av dette vil ulike oppfatningar om "den gode staden" vere avhengig både av fysiske, økonomiske, sosiale og kulturelle forhold.

Ei viktig målsetting er å stimulere til gjennomføring av konkrete prosjekt som på ulikt vis kan vere med å skape aktive og attraktive tettstader for alle grupper i befolkninga. Programmet legg stor vekt på lokal deltaking og medverknad, og med eit særleg fokus på ungdom, kvinner og innflyttarar som strategisk viktige målgrupper. Programmet opptatt av å

etablere eit tett samarbeid mellom kommune, frivillige organisasjonar og private aktørgrupper. Ei tettstadsatsing som dette omfattar også kravet om berekraftig utvikling, og er såleis heilt på linje med viktige prinsipp og perspektiv knytt til arbeidet med Lokal Agenda 21.

Programmet har tatt utgangspunkt i eit eige forprosjekt, *Tettsteder i distriktene – situasjon og muligheter*, knytt til analyse og intervjuundersøkingar i 9 tettstader og 31 kommunar i Nord-Trøndelag, Hedmark og Møre og Romsdal. Søkelyset har særleg vore retta mot ungdom (i aldersgruppa 16-19 år) og gruppa unge vaksne (20-34 år). Forprosjektet er gjennomført av Nord-Tøndelagsforskning, Østlandsforskning og Møreforskning. I dette perspektivet vil val av flytting og lokalisering framstå som eit samspel mellom eigenskapar ved staden og folk sine oppfatningar om ”det gode liv”; jf. matrisa under (Skjeggedal, Engesæter & Amdam 2001):

	Sosialt miljø	Arbeidsplassar	Bustader	Tenestetilbod	Fysiske omgivnader	Regional tilgjengelighet	Stadsformidling
Barn							
Ungdom							
Unge vaksne							
Vaksne							
Pensjonistar							

Dei ulike eigenskapane knytt til staden vil kunne utdjupast eller eksemplifiserast:

- Sosialt miljø; omfattar den mellommenneskelege kontakten og omgangen mellom bebuarane
- Arbeidsplassar; omfattar tilbod av arbeidsplassar i ulike næringar
- Bustader; omfattar tilbodet av bustader i ulik standard, storleik
- Tenestetilbod; omfattar offentleg og privat tenesteyting og kulturtilbod
- Fysiske omgivnader; omfattar naturgitte og menneskeskapte omgivnader
- Regional tilgjengelegheit; omfattar kommunikasjonar til andre stader
- Stadsformidling; omfattar korleis staden blir presentert og opplevd

Dei ulike faktorane vil både kvar for seg og samla ha betydning for folks flyttepreferansar, men likevel slik at dei ulike faktorane ikkje betyr det same eller like mykje for alle. I det nemnde forprosjektet er det i særleg grad sett nærare på situasjonen for gruppa ungdom (16-19 år) og gruppa unge vaksne (20-34 år). På bakgrunn av dette blir det på eit meir generelt grunnlag og med utgangspunkt i dagens situasjon konkludert med at dei aller fleste (over 70 %) i gruppa unge vaksne ikkje har flytteplanar. Dei fleste i denne gruppa er fornøgdde med situasjonen og gir uttrykk for at dei ønskjer å bli buande på staden.

For ungdomane (16-19 år) er derimot oppfatningane annleis. Det er få tilbod til dei unge, og heimstaden blir oppfata som kjedeleg. Dei unge peikar også på negative trekk som mykje bygdesladder, mangel på uformelle treffstader og lange avstandar.

Begge dei to gruppene understrekar at viktige krav til staden vil vere knytt til:

- trygge og gode oppvekstforhold
- gode jobbforhold
- gode skule- og helsetilbod
- tette sosiale relasjonar

- gode vegar og kommunikasjonar
- godt og variert bustadtilbod
- muligheit for natur- og friluftsliv
- kultur- underholdning og butikktilbod

Vidare blir det peika på at positive stadelement knytt både til naturen og til kulturlandskapet. Det sosiale miljøet er prega av stor grad av likskap, sterk lokalpatriotisme og sterk dugnadsånd. Fleire viser likevel til at det kan vere eit problem at folk i for stor grad er for lite inkluderande.

Dei unge vaksne viser til at dei viktigaste arenaene for sosial kontakt og samhandling er knytt til heimen, arbeidsplassen eller skule og barnehage. For ungdomane blir kiosken, gatekjøkkenet eller bensinstasjonen trekt fram som den viktigaste uformelle møtestaden.

Arbeid vil vere ein viktig, men likevel ikkje tilstrekkeleg føresetnad i samband med diskusjonen om kvar ein ønskjer å slå seg ned. Forhold knytt til sosialt miljø, bustad, tenestetilbod og fysiske omgivnader vil også her kunne spele ei avgjerande rolle. Når det gjeld bustadsituasjonen vil dette kunne vere knytt til krav om at bustadområda ligg fint i terrenget, at bustadtilbodet er variert, at tomtene er store nok, og at bustadområda inneheld gode og trygge leikeområde. På same måte er det viktig at det offentlege og private tenestetilbodet dekkjer viktige daglegdagse behov, og at kulturtilbodet har tilstrekkeleg breidde og mangfald. Når det gjeld dei fysiske forholda er det mange som understrekar at muligheitene for naturopplevingar og eit aktivt friluftsliv er godt tilrettelagt. Men det er også fleire som med referanse til estetikk, grønstruktur og byggeskikk peikar på at tettstadområda både er kaotiske og uryddige. Mange peikar også på at transporttilbodet og trafikkforholda er både dårlege og utrygge.

Det nemnde forprosjektet har lagt eit viktig kunnskapsgrunnlag for den praktiske gjennomføringa av dei ulike delprosjekta knytt opp mot programmet *Utvikling av miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene*. Med siktemål å stimulere til gjennomføring av lokalt forankra prosjekt som på ulikt vis vil kan vere med å legge grunnlaget for meir aktive og attraktive tettstader, er programmet i første omgang retta mot fire fylke og 16 kommunar. Dette omfattar:

- Hedmark fylke; med kommunane Elverum, Grue, Tolga og Åmot.
- Møre og Romsdal fylke; med kommunane Tingvoll, Rauma, Haram og Ulstein.
- Nord-Trøndelag fylke; med kommunane Flatanger, Grong, Steinkjer og Vikna.
- Nordland fylke; med kommunane Gildeskål, Hadsel, Hattfjelldal og Vefsn.

Målsettinga på sikt er her å etablere ein fase 2 i programmet som omfattar fleire fylke.

Kommunane spelar ei nøkkelrolle i den praktiske prosjektgjennomføringa. Dei konkrete prosjekta og aktivitetane knytt til desse er organisert som lokale partnerskap mellom private og offentlege aktørar. Det er lagt stor vekt på mobilisering og forankring i lokalmiljøet, og med rammer og retningslinjer i tråd med LA21-arbeidet. Eksempel på tema eller innsatsområde spanner over eit breitt spekter av ulike tiltak og aktivitetar. Dette kan t.d. omfatte utvikling av (www.tettsteder.no):

- sosiale og kulturelle møteplassar
- bustadtilbod
- offentleg og privat tenestetilbod
- fortetting og utvikling av ein meir bymessig struktur

- estetisk opprusting og opprydding i dei fysiske omgivnadene
- profilering av stadidentitet
- utarbeiding av eigen grøntplan og handlingsplan for sikring av grønstrukturen
- planlegging og opparbeiding av gang-, sykkel- og turvegnett

Som ledd i ein lærings- og erfaringsutvekslingsstrategi er det etablert eit eige nettforum for programmet. På nettstaden www.tettsteder.no er det m.a. lagt ut oppdatert informasjon om programmet og om deltakarar, aktivitetar, erfaringar og aktuelle publikasjonar knytt til dette. Det er også etablert eit eige nyheitsarkiv og eit debattforum. Programmet vil bli avslutta med ein fase 3 som omfattar ei evaluering av dei ulike tiltaka, rapportering og formidling.

Tettstadutvikling med miljøprofil – eksemplet Sykkylven

Med utgangspunkt i det same kunnskapsgrunnlaget og den same metodiske tilnærminga som er lagt til grunn for *Miljøbyprogrammet* og *Programmet for miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene*, er det parallelt med desse også gjennomført ei rekke lokale tettstadutviklingsprosjekt. Men også slike meir avgrensa og lokalt forankra prosjekt vil kunne ha koplingar inn mot dei større nasjonale forsøks- og utviklingsprogramma. Eit eksempel på dette er Tettstadutviklingsprosjektet i Sykkylven.

Bakgrunnen prosjektet var knytt til arbeidet med ein ny kommunedelplan for kommunesenteret. Planprosessen kørde seg for alvor fast då landbruks- og miljøstyresmaktene på fylkesnivå reiste motsegn mot planane om omdisponering og utbygging av delar av det sentrumsnære jordbruksområdet. Regionale og statlege planstyresmakter vart involverte i planprosessen gjennom den påfølgjande meklingsrunden. Dette la samstundes grunnlaget for etablering av eit eige tettstadprosjekt, organisert som eit samarbeidsprosjekt mellom kommunale, fylkeskommunale og statlege forvaltnings- og planleggingsorgan.

Siktemålet med prosjektet var fleirsidig. Å finne løysing på den aktuelle arealbrukskonflikten var sjølvstendig viktig, men samstundes skulle erfaringane frå Sykkylven vere ein del av metodeutviklingsarbeidet i samband med tettstadutvikling og -planlegging. Dette opna for ein vekslerknad mellom Sykkylven som eit praktisk forsøk med ei klar lokal forankring, og utvikling av sentralt initierte forsøks- og utviklingsprogram med ei meir generell vektlegging på fysisk tettstadforming (Amdam, Dimmen & Magerøy 1995).

Arbeidet med tettstadprosjektet opna for å sjå ulike miljøutfordringar i samanheng, og peika seg ut som eit tenleg eksempel for å kaste lys over spørsmål og aktuelle utbyggingsstrategiar i samband med:

- fortetting av sentrumsområde og omdisponering av bygningar
- fortetting av lågt utnyttede sentrale bustadområde
- forsiktig utbygging i sentrale landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område)
- tettare utbygging av tradisjonelle bustadfelt

Ei lokal styringsgruppe med ordførar, rådmann og teknisk sjef i spissen fekk det formelle ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Styringsgruppa stod i nær kontakt med eit eige fagråd, samansett av eksterne fagfolk. Prosjektet fekk også tilført plankompetanse gjennom kjøp av ulike typar konsulenttenester. Lokal deltaking og medverknad vart ivarettatt gjennom opne informasjonsmøte og etablering av lokale arbeids- eller prosjektgrupper.

Eit viktig siktemål for Tettstadprosjektet i Sykkylven har vore å vise korleis konflikhtar i samband med fortettingsproblematikk oppstår, og korleis slike konflikhtar kan løysast.

Konflikten mellom utbygging og vern botnar gjerne i grunnleggande verdimotsetningar. Ein viktig nøkkel til konfliktløysing går på å oppnå endra haldningar, og til utvikling av ny kunnskap og innsikt hos lokale aktørar. Spørsmål om læring står her sentralt. I tettstadprosjektet vart det lagt stor vekt på grundig lokal forankring og brei deltaking. Læring av planlegging omfattar ei nærare drøfting av planlegging som prosess og produkt, og om planleggingsmetode og kompetanseoppbygging. Ein viktig nøkkel til løysing er bearbeiding av haldningar og utvikling av ny kunnskap og innsikt hos ulike aktørgrupper (Dimmen 1996).

Langdalen (1994, 125) har peika på at konfliktparet vern/utbygging dannar utgangspunktet for grunnleggande planmetodiske spørsmål kopla til arealplanlegging:

Satt på spissen kan en si at fagets formål er å stille de to prinsipielle interesseområdene opp mot hverandre, med sikte på å finne helhetsløsninger som balanserer kortsiktighet mot langsiktighet, økonomiske interesser mot økologiske interesser, gruppeinteresser mot fellesskapsinteresser.

Kommunedelplanen for Aure sentrum er eksempel på ei slik tradisjonell konflikt mellom utbyggingsinteresser og verneinteresser. Motseiingane knytt til vern av landbruksområde mot nedbygging og den tilhøyrande argumenteringa for fortetting, er basert på eit verdisyn om berekraftig utvikling som tidlegare i liten grad hadde sett sitt preg på planlegginga i Sykkylven. Gjennom tettstadprosjektet ville funksjonar og interesser kunne koplast slik at resultatet anten kunne bli kompromiss eller konflikt. Eit viktig vilkår for konfliktløysing ville vere kopla til mulegheitene for å bearbeide haldningar og å utvikle ny kunnskap og innsikt hos grunneigarar, politikarar og fagfolk. (Jf. Amdam, Dimmen og Magerøy 1995, Dimmen 1997 og 2004)

Friluftsliv og folkehelse

Vi har sett nærare på ei rekke ulike tettstadutviklingsprosjekt. Både når det gjeld innhald og organisering vil desse kunne variere, men felles for dei alle er likevel ei brei tverrfagleg eller tverrsektoriell tilnærming. Prosjekta er kjenneteikna av ein type territoriell heilskapstenking; ulike tema blir sett i samanheng innanfor eit nærare geografisk avgrensa område. Men i tillegg til "breiddeprosjekt" som dette er det også gjennomført ei rekke mindre og meir tematisk avgrensa prosjekt.

Dette omfattar ulike typar plan- og utviklingsprosjekt der søkelyset primært er retta mot nærare utvalde satsingsområde. Dette kan vere planlegging av grønstruktur, trafikktryggingstiltak, opprusting av gode felles uteområde og uformelle uteplassar, tilrettelegging av sentrumsnært friluftsliv osv.

Også i forhold til meir tematisk avgrensa prosjekt eller satsingsområde som dette er det viktig at det blir etablert gode samarbeids- og samhandlingsrutinar mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Ei klarare tematisk avgrensing i utgangspunktet er likevel ikkje til hinder for at resultat og effektar av ulike typar tiltak har konsekvensar langt utover seg sjølv. Eit eksempel på eit slikt satsingsområde er friluftsliv.

Natur og friluftsliv er ein viktig del av vår identitet. Friluftslivet har lange historiske tradisjonar. Det norske folk har gjennom generasjonar levd i og av naturen. Ressursbaserte næringar som jakt, fangst, fiske og jordbruk har lagt grunnlag for busetting og samfunnsbygging. Men frå andre halvpart av 1800-talet kom friluftslivet inn i meir

organiserte former med stifting av Den Norske Turistforening i 1868 (jf. Mytting & Bischoff 1999, Direktoratet for naturforvaltning 1996, St.meld. nr. 39 2000-2001).

Folk tok turar i naturen utan at dette var motivert ut frå reine nytteomsyn knytt til arbeid og daglegliv; naturopplevinga vart eit mål i seg sjølv. Naturen skifta frå å vere eit produksjonslandskap til å bli eit fritids- og opplevingslandskap. Dette var nær kopla til den framveksande turismen. Aktivitetar som jakt, fiske, fotturar i fjellet og etterkvart skigåing vart utført utan andre grunngevingar enn at dette gav opplevingar. Aktivitetar og ferdigheiter vart gjort til mål i seg sjølv.

I mellomkrigstida fekk friluftslivet auka oppslutning. Dette var nær kopla til auka fritid blant folk flest; kortare normalarbeidsdag, auka helgefri og ferieordningar. Den moderne livsforma opna for eit skarpare skilje mellom arbeid og fritid.

Historia om framveksten av friluftslivet er nær kopla til framveksten av den moderne idretten. Men etterkvart får vi eit klarare skilje mellom dei to uttrykka. Medan idretten rettar søkelyset mot utvikling av ferdigheiter, teknikkar og prestasjonar målt gjennom konkurranse, er friluftslivet i første rekke kjenneteikna av opplevingar knytt til aktiviteten i seg sjølv. Også spesialiseringa innanfor idretten har medverka til å auke skiljet mellom idrett og friluftsliv.

Friluftslivet har mange og ulike aktørar, og grensar opp mot mange andre samfunnsområde. Friluftsliv blir sett på som eit viktig velferdsgode og etterkvart er friluftsliv etablert som ei sektorinteresse i samfunnsplanlegginga. I 1971 vart for første gang mål og oppgåver for ein offentleg friluftslivspolitik formulerert. Ei eiga stortingsmelding om friluftslivet kom i 1986-87. Miljøverndepartementet spelar ei viktig samordningsrolle med Direktoratet for naturforvaltning (DN) som utøvande fagleg organ. DN har utarbeidd ein eigen handlingsplan for friluftslivet. Friluftslivet framstår på denne måten som ein integrert del av miljøvernforvaltninga, men vi ser stadig oftare at friluftsliv også blir trekt fram som ein viktig helseførebyggande og kriminalitetsførebyggande faktor. På regionalt og lokalt nivå vil friluftsliv såleis inngå som ein integrert del av den fylkeskommunale og kommunale planlegginga.

Friluftslivets år i 1993 og Naturvernåret i 1995 medverka til at friluftslivet vart synleggjort på ein tydelegare måte enn tidlegare. I det praktiske friluftslivsarbeidet er det elles ei rekke frivillige organisasjonar som drar lasset. Desse er organisert gjennom FRIFO; Friluftslivets fellesorganisasjon.

Også i skulen spelar friluftslivet etterkvart ei viktig rolle. I grunnskulen vart friluftsliv første gang tatt med i læreplanane i 1972. Dette gjorde at kravet om meir formell utdanning på dette området dukka opp. Etterkvart er friluftsliv blitt eige fagområde både i vidaregåande skule og i høgare utdanning. Det blir i tillegg skipa til ei rekke ulike kurstilbod innanfor ulike friluftrelevante aktivitetsområde.

Det er gjort ei rekke undersøkingar om nordmenns fritidsvanar og aktivitetar. Meir enn 80 % svarar at dei har tatt del i ein eller annan form for friluftslivsaktivitet meir enn 2 gonger i løpet av det siste året. Ikkje alle typar friluftslivsaktivitetar har like stor oppslutning. Mest vanleg er det å gå turar i skog og mark (Mytting og Bischoff 1999 s. 36).

Deltaking i friluftslivsaktivitetar varierer også etter kjønn, alder, utdanning, bustad og kultur/sosial klasse. Dette gir seg m.a. utslag i flg. aktivitetsmønster:

- fleire menn enn kvinner
- fleire yngre enn eldre
- flest med høg utdanning
- fleire aktive der tilhøve er lagt til rette (kort avstand)

På bakgrunn av den generelle samfunnsutviklinga vil det i dag vere ei viktig utfordring for offentleg planleggingsstyresmakter å kunne sikre friareal og grøntområde. Sentraliserings- og urbaniseringskreftene medfører eit auka press på areal- og miljøressursane. Lovverket med Friluftsløva, Naturvernlova og Plan- og bygningslova er viktige verktøy for å sikre friluftssinteressene i konkurranse med andre samfunnsinteresser. Med allemannsretten sikrar Friluftsløva rett til fri ferdsel i utmark. Med Plan- og bygningslova som verktøy vil det vere ei viktig utfordring å tilrettelegge eller regulere ulike former for arealkrevjande eller sentrumsnære friluftaktivitetar. Eksempel på tiltak kan vere knytt til:

- Grøn planlegging
- Turisme og hyttebygging
- Sikre friområde; jf. utbyggingspress knytt til sentrumsnære strandsoner

Planlegging og utvikling av tiltak knytt til friluftsliv vil på denne måten vere med å påverke folks situasjon i fritid og kvardagsliv. Nyare studiar (jf. Båtevik m. fl. 2002) med søkelys på bulyst og flyttemotiv viser også at natur og friluftsliv ofte vil kunne vege like tungt som, eller kompensere for, forhold knytt til arbeid, bustad eller privat og offentleg tenestetilbod.

5. Krav til gode og miljøvennlige tettstader

Korleis kan kommunane gå fram?

Arbeidet med stadutvikling er ein både omfattande og vanskeleg prosess. Her vil det vere viktig både å tenke langsiktig og å gå systematisk til verks. Faglege vurderingar vil kunne omfatte ein kort karakteristik av staden på bakgrunn av ulike typar registreringar og faglege situasjonsvurderingar. Dette kan også omfatte ulike grupper sine egne vurderingar. Ei viktig utfordring vil vere knytt til spørsmål om korleis få fram behov og vurderingar? Dette kan omfatte eit breitt spekter av kjelder og metodar med utgangspunkt i samtalar, gruppeprosessar, telefonintervju, spørjeskjema, og med spørsmål knytt til deltaking, samarbeid og partnerskap.

Vi har tidlegare sett at spørsmål knytt til lokal identitet og eigenart står sentralt i forhold til tettstadutvikling. Kopla opp mot fysisk planlegging har den amerikanske geografen Kevin Lynch (1960) utvikla ein eigen metodikk eller systematikk med bruk av s.k. mentale kart knytt til oppfatningar og vurderingar av bylandskap og fysiske omgivnader. Dei fysiske omgivnadene blir oppfatta ulikt. Mentale kart kan forståast som ein type private, subjektive tankebile av verda rundt oss.

Bruken av mentale kart tar utgangspunkt i ein nærare definisjon av utvalde element eller nøkkelfaktorar som folk sine visuelle oppfatningar kan organiserast omkring. Dette omfattar:

- årer (bevegelseslinjer): ruter/løyper vi brukar for å forflytte oss rundt i byen/det geografiske området; t.d. vegar , gater
- kantar (grenser): element som avgrensar området; t.d. elvar, skrentar...
- område: avgrensa areal i byen, område som har felles trekk; t.d. byggeskikk...
- knutepunkt: område som vi reiser til eller frå; t.d. torg, trafikkterminalar...
- landemerke: objekt som vi legg merke til; t.d. kyrkje(-tårn), TV-mast/omformar...

I forhold til praktisk planleggings- og utviklingsarbeid med vekt på deltaking og medverknad vil bruk av mentale kart kunne trekkast inn som eit viktig element. Metodikken er seinare vidareutvikla, og vil også kunne tilpassast ulike opplegg for stadanalyse.

Stadanalyse som verktøy

Mange lokale tettstadprosjekt har vore gjennomført med klare referansar til målsettingane om ei berekraftig tettstadutvikling. Ei viktig målsetting for sentrale fagstyresmakter har vore å utvikle betre og breiare forståing og kunnskap om fysiske miljøkvalitetar for at kommunane kan betre sine mulegheiter for å ivareta slike omsyn i si planlegging. Situasjonen for kommunane i spørsmål som dette, har vore prega av både mangel på kunnskap og klare haldningar. Men også nødvendig planverktøy har mangla. Derfor har arbeidet med utvikling av eit metodeopplegg for stadanalyse og stadforming hatt høg prioritet.

Stadanalyse blir presentert som ein type planverktøy som fokuserer på stadens historie, nosituasjon og framtidsutsikter, og er meint å vere med på å gi eit felles grunnlag for stadforståing, diskusjon og planlegging. Stadanalyse kan på denne måten vere med å sette problem under debatt, avdekke problemområde og medverke til å finne løysingar på fastlåste konflikhtar.

Miljøverndepartementet har peika på at ulike faglege analysetradisjonar kan leggest til grunn for stadanalysar (Miljøverndepartementet 1993b):

- Natur- og landskapsanalyse
- Kvalitativ stadanalyse
- Realistisk byanalyse
- Kulturmiljøanalyse
- Kommuneatlas/estetisk byforming

Desse kategoriane vil kunne utfylle kvarandre og dekker til saman dei fire hovudtema som ei stadanalyse bør innehalde: a) historisk utvikling, b) natur og landskap, c) organisering av bygningsmiljø og -strukturar, og d) bygningar og andre enkeltelement.

Bruk av slike lokalt tilpassa opplegg for tettstadanalyse har vist seg å vere eit nyttig verktøy for kommunane i arbeidet med tettstads- og sentrumsplanlegging (jf. Rasmussen 1998). Utarbeiding av eigne tettstadanalysar vil ofte kunne inngå som ein integrert del av det kommunale planarbeidet. Her vil det ofte vere naturleg å bygge på ulike analysetradisjonar.

Kvalitativ stadanalyse – eit eksempel

Som del av det tidlegare omtalte tettstadprosjektet i Sykkylven vart det utarbeidd ein eigen tettstadanalyse basert på kvalitativ stadanalyse. Denne analyse tradisjonen legg opp til ei heilskapsforståing av romlege fysiske strukturar. Staden er ramme for oppvekst og daglegliv, og står fram som resultat av eit komplekst samspel mellom landskap og menneskeverk. Metoden prøver å gripe det ikkje-målbare. Spørsmål om stadens identitet, karakter og eigenart står her sentralt (Horgen & Vagstein 1993).

Den kvalitative stadanalysen i har som siktemål å avdekke og tydeleggjere dei fysiske miljøkvalitetane. Fokus blir retta mot samanhengar og historiske utviklingstrekk mellom natur- og kulturskapt element. I Sykkylven var dette var med og la grunnlaget for

- definering og avgrensing av planområdet
- utarbeiding av retningslinjer for fortetting og utbyggingsmønster
- utforming av retningslinjer for byggeskikk
- tilrettelegging av arealplankart og vedtekter

I den kvalitative stadanalysen står landskap og landskapsverdiar sentralt. Med utgangspunkt i ei romleg landskapsforståing blir det skilt mellom fire ulike romlege perspektiv: orienteringsrommet, identitetsrommet, minnerommet og historierommet. Analysen rettar vidare søkelyset mot ulike typar verdiar som kan forankrast i kvart av dei fire ”romma” (Horgen & Vagstein 1993, 13-19).

I Sykkylven vart den kvalitative stadanalysen nytta som eit viktig supplement i samband med utarbeidinga av ny kommunedelplan for sentrumsområdet. Eit utdrag av stadanalysen er tatt med som eit eige vedlegg i plandokumentet. Analysen har såleis vore med å legge grunnlaget for ei felles referanseramme for ein *visjon* eller *langsiktig tenking* om korleis ein vil at sentrumsområdet skal utvikle seg. I framlegget til ny kommunedelplan er det lagt særleg vekt på å få fram ulike interessegrupper sine vurderingar, samt presentere alternative løysingar knytt til ulike problemstillingar.

Stadidentitet

Den kvalitative stadanalysen bygger i stor grad på teoriane til professor Christian Norberg-Schulz om romleg forståing og stadidentitet (Nordberg-Schulz 1980, 1993, 1994). I følgje Norberg-Schulz vil *Genius loci* eller ”stedets ånd” vere med å gi kvar lokalitet sin eigenart

eller identitet. Utviklinga dei siste tiåra har medført at ein slik felles identitet er truga; det foregår eit "stedstap".

Spørsmål om *stadidentitet* og *stadkarakter* som utgangspunkt for fysisk planlegging er elles inngåande drøfta av Ellefsen (1985). I følge Ellefsen (ibid., 40) vil stadkarakter vere eit deskriptivt paraplyomgrep som kan dekke ei rekke ulike fenomen:

Stedskarakter har både et element av rom og tid i seg. Det inneholder både stedets naturlige egenskaper og de endringene stedet har vært utsatt for over tid. Det betegner stedet i seg sjøl og stedet satt inn i en territoriell kontekst. Stedet har fysiske kvantifiserbare egenskaper. Samtidig har stedet verdi fordi det er minner/ symbolverdier knyttet til det. Disse to tingene kan ikke skilles fra hverandre...

Dette vil vidare kunne opne for ei meir prinsipiell drøfting av omgrepa "stad" og "stadidentitet" (jf. m.a. Relph 1976; Massey 1991, 1995). Berg (2002) og Skjeggedal (2000) viser med referanse til Agnew (1987) og Agnew & Duncan (1989) at det i drøftinga av "stad"-omgrepet vil kunne skiljast mellom tre ulike perspektiv eller tilnæringsmåtar:

- Stad som fysisk bakgrunnsramme – *location*
- Stadsoppleving – *sense of place*
- Staden som møteplass – *locale*

Ei utfordring for lokalt forankra planleggings- og utviklingsprosjekt vil her vere å trekke inn desse perspektiva kvar for seg eller samla. Dette vil kunne vere med å kaste lys over viktige spørsmål knytt til tettstadidentitet og tettstadforståing.

I arbeidet med vidare tettstadutvikling i Sykkylven har det vore ei viktig utfordring å finne den 'rette' balansen mellom utvikling og vern. For vidare sentrumsplanlegging ligg det ei særleg oppgåve knytt til vidareføring og styrking av element og strukturar som blir opplevd som positive, og som er med å styrke tettstadens identitet og eigenart.

Gjennom tettstadprosjektet og den kvalitative stadanalysen er det lagt grunnlag for ein ny type lokal planleggingstenking. Dette må bygge på respekt for landskapet og ei erkjenning av landskapet sine innebygde verdiar. Landskapet vil kunne inngå som ein viktig positiv identitetsfaktor. Ulike typar endringar og inngrep i landskap og fysisk tettstadmiljø vil kunne vekke stort lokalt engasjement. Mange peikar her på at vidare sentrumsutvikling må ta utgangspunkt i etablerte mønster og strukturar. Praktiske planløyseringar vil såleis i stor grad vere svar på spørsmål om innordning, samordning og tilpassing. Individuelle ønske, verdiar og preferansar må vegast opp mot kollektive løyseringar basert på lokalsamfunnet eller fellesskapet sine interesser. Den tradisjonelle sektorplanlegginga må vike plass for ein type territoriell "heilsapsplanlegging".

Oppfatningar om den gode staden og det gode livet

Sjølv om erfaringane med bruk av tettstadanalysar i samband med sentrums- og tettstadplanlegging er gode, har det likevel frå ulikt hald vore reist kritikk mot dette arbeidet. Dei "tradisjonelle" tettstadanalysane blir m.a. kritisert for å ikkje ta nok omsyn til ikkje-materielle forhold. Oppfatningane av staden eller tettstaden omfattar i tillegg til fysiske strukturar og element, også forhold av sosial, kulturell og økonomisk karakter. Studiar av staden eller tettstaden vil også kunne ha ulike perspektiv eller faglege tilnærmingar. Vi kan også snakke om ein meir subjektiv opplevingsdimensjon. Sosiokulturelle tettstadanalysar med

større vekt på sosiale og kulturelle forhold vil her kunne kome inn som eit supplement (sjå m.a. Røe 2002).

I tillegg til den meir romlege/geografiske forståingsramma som er presentert ovanfor, kan også både attraksjonsteori og vurderingar knytt til buform og livsform trekkast inn for å kaste lys over stadomgrepet (jf. Skjeggedal 2000). Ei slik utvida tettstadforståing er m.a. lagt til grunn i prosjektet *Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene* (jf. Miljøvern-departementet 2002a; Skjeggedal, Engesæter & Amdam 2001). Prosjektet omfattar analyse av utvalde tettstader og intervjuundersøkingar med utvalde hushaldsgrupper.

Som grunnlag for analysane er det utvikla ein modell for bustadval som sameinar eit aktør- og strukturperspektiv (jf. Skjeggedal 2000). Modellen har to sett av uavhengige variablar som både omfattar eigenskapar ved staden med bruk av tettstadanalyse som verktøy, og eigenskapar ved aktørane med utgangspunkt i hushalda sine bustadpreferansar. Generelt sett vil vi kunne forvente at folk busett seg der dei oppnår best velferd; dei beste levekåra. Dei fleste personar er medlem i eit hushald. Av dette følger såleis at hushalda sine bustadval er avhengig av ei totalvurdering av ulike marknader; arbeid, bustad, tenestetilbod, fysiske omgivnader m.v.

Fortetting som strategi

Ulike empiriske studiar – m.a. *NAMIT-programmet; Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling* (Næss 1992; Guttu, Næss & Sagli 1993) og seinare, *Miljøbyprogrammet* (Spigseth, Martens & Fiske 2000) – viser at det i dei fleste tettstadsområde vil vere rom for ein vesentleg konsentrasjon i forhold til eksisterande arealbruksmønster. Med dette som utgangspunkt blir søkelyset retta mot tre sentrale hovudprinsipp for natur- og miljøvennleg tettstadutvikling:

- Samling av naturinngrepa både på overordna og detaljert plannivå.
- Økonomisering med areal til alle utbyggingsformål.
- Omstrukturering av transportsystemet.

Arbeidet for ei betre utnytting av tettstadarealet er ein viktig del av dei politiske målsettingane knytt til berekraftig by- og tettstadutvikling. Fortetting omfattar ulike former for å disponere eksisterande bygningar og utbygd areal på ein meir effektiv måte. Dette vil t.d. kunne gjelde gjenbruk, omforming og meir effektiv utnytting av utbygde område, men utført på ein måte som gjer at viktige verdiar knytt til t.d. verneverdige bygningar eller grønne lunger ikkje blir øydelagde (NOU 2001:7 s.191). På eit overordna nivå tilseier desse prinsippa at ein stor del av utbygginga bør gjennomførast som fortetting eller innfylling. På eit meir detaljert nivå medfører dette utnytting av areal/tomter som allereie er utbygd, eller ubebygd areal som er teknisk påverka frå før.

I mange kommunar har kampen om knappe arealressursar sett eit stadig sterkare preg på sentrumsutviklinga dei siste åra. Mykje av diskusjonen har vore knytt til ulike typar fortettingstiltak som ledd i ein strategi for auka arealøkonomisering. Fortetting vil kunne medføre avgrensing både av vidare tettstadekspansjon og nedbygging av verdfulle natur- og kulturlandskap. Fortetting kan også medverke til kvalitetsheving av dei allereie utbygde områda gjennom ei vidareutvikling av eksisterande kvalitetar.

Ved å legge landskapsperspektivet til grunn for fortettingsplanlegging kan dette i større grad opne for ei type romleg eller territoriell planlegging. Med søkelyset retta mot sosiale, kulturelle og økonomiske verdiar blir rammene for den tradisjonelle arealplanlegginga utvida. All fortettingspraksis må tilpassast lokale forhold, og ei rekke ulike omsyn og verdiar må

vegast mot kvarandre. Men detaljplanlegging innanfor rammene av etablerte fysiske miljø, bebuarar og nabolagsrelasjonar, og bruks- og eigedomsinteresser vil samstundes vere langt meir krevjande enn planlegging av nye utbyggingsområde. Erfaringar viser at mange fortettingstiltak lett køyrer seg fast i konflikhtar mellom utbyggings- og verneinteresser.

Universell utforming – og planlegging for alle

Omgrepet *universell utforming* blir gjerne brukt synonymt med omgrep som ”tilgjengeleg for alle”, ”planlegging for alle” eller ”design for alle”. Utgangspunktet er å legge til rette for eit samfunn som er tilgjengeleg for alle innbyggargrupper. I forhold til bustader og bumiljø vil dette stille krav om god tilkomst til uterom, bygningar og bustader. Dette er nær kopla til kravet om livsløpsstandard som er nedfelt i eit eige regelverk for å sikre bustader god tilkomst og god funksjonalitet. Livsløpsbustaden vil på denne måten vere tilpassa og tilrettelagt for å dekke ulike behov knytt til eit heilt livsløp frå vogge til grav.

Kravet om universell utforming er nær knytt til ei holdningsendring retta mot funksjonshemma sine rettar og levekår. Spesialinstitusjonar og ulike typar særlover er etter kvart avløyst av tiltak med sikte på ”normalisering” og integrering av funksjonshemma i samfunnet. Dette omfattar også innsats for å sikre like rettar og full likestilling for ulike grupper av funksjonshemma. Sjølve omgrepet *funksjonshemma* har over tid fått eit meir utvida innhald. Søkelyset blir ofte sett på forholdet mellom miljøet og den enkelte (jf. Båtevik m.fl. 2004). I regjeringas handlingsplan for funksjonshemma 1990-93 blir følgjande definisjon lagt til grunn:

Funksjonshemming er et misforhold mellom individets forutsetninger og miljøets krav til funksjon på områder som er vesentlig for etablering av selvstendighet og sosial tilværelse.

Manneråkutvalet (NOU 2001:22) peikar på at omgrepet funksjonshemma er så omfattande og mangfaldig at nærare presiseringar ofte er nødvendig. Redusert funksjonsevne eller funksjonsreduksjon vil kunne omfatte tap av, skade på eller avvik i ein kroppsdel eller i ein av kroppen sine psykologiske, fysiologiske eller biologiske funksjonar. I tråd med dette vil funksjonshemming kunne oppfattast som eit misforhold mellom dei krav som miljøet og samfunnet stiller og dei føresetnadene som den enkelte har. Problema oppstår når det her blir eit misforhold eller gap mellom individet sine føresetnader på den eine sida og miljøet eller samfunnet sine krav på den andre (St.meld nr. 40 3002-2003, NOU 2001:22, Andersen & Bergh 2003 red. 2003)

Eit eige handlingsprogram for universell utforming starta opp i 2002. Målet med programmet er å styrke utvikling og bruk av løysingar med gode funksjonelle kvalitetar for alle. Organisatorisk er dette lagt opp som eit samarbeidstiltak mellom elleve ulike departement, og der Miljøverndepartementet er ansvarleg for sekretariat og koordinering (Miljøverndepartementet 2002).

Universell utforming omfattar utforming av produkt og omgivnader på ein slik måte at dei kan brukast av alle, i så stor utstrekning som mulig, og utan behov for tilpassing eller spesialutforming (Christophersen red. 2002). Målet er å gjere kvardagslivet enklare ved å tilby produkt, kommunikasjonsmiddel og omgivnader som er tilpassa og gjort tilgjengeleg for alle brukargrupper. Omsynet til dei svakast stilte vil danne ein slags minimumsstandard. På denne måten blir vil det bli stilt krav om at standardløysingar skal omfatte universelle brukskvalitetar.

Ei gruppe amerikanske forskarar ved The Center for Universal Design har utarbeidd sju prinsipp for universell utforming (jf. Andersen og Bergh 2003 s. 13-14). Dette omfattar:

1. Like muligheiter for bruk; utforminga skal vere brukbar og tilgjengeleg for personar med ulike ferdigheiter
2. Fleksibel i bruk; utforminga skal tilfredstille eit breitt spekter av individuelle preferansar og ferdigheiter
3. Enkel og intuitiv i bruk; utforminga skal vere lett å forstå utan omsyn til brukarens erfaring, kunnskap, språkferdigheit eller konsentrasjonsnivå
4. Forståeleg informasjon; utforminga skal kommunisere nødvendig informasjon til brukaren på ein effektiv måte, uavhengig av forhold knytt til omgivnadene eller til brukaren sine sensoriske ferdigheiter
5. Toleranse for feil; utforminga skal minimalisere farar og skade som kan gi ugunstige konsekvensar, eller minimaliserer utilsikta handlingar
6. Lav fysisk ressursinnsats; utforminga skal kunne brukast effektivt og godt med eit minimum av ulempe
7. Storleik og plass for tilgang og bruk; hensiktsmessig storleik og plass skal opne for tilgang, betening og bruk, uavhengig av brukaren sin kroppsstorleik, kroppsstilling eller mobilitet

Kravet om universell utforming omfattar eit inkluderande samfunn. Behovet for differensiering og sær løysingar vil kunne reduserast etter kvart som prinsippa for universell utforming blir lagt til grunn for utforming av produkt og omgivnader. Prinsippa om universell utforming er eit viktig verkemiddel i innsatsen for likestilling og antidiskriminering. Dette er med å legge grunnlaget for ei tverrsektoriell og fleirfagleg tilnærming i samband med offentleg planlegging og samfunnsutvikling.

Samfunnsplanlegging etter plan- og bygningslova vil på ulike måtar kunne bygge vidare på prinsippa for universell utforming. I 1999 utarbeidde Miljøverndepartementet eit eige rundskriv; "Tilgjengeleg for alle" (Miljøverndepartementet T-5/99). Målet med rundskrivet er fleirdelt (MD T-5/99 s. 8):

- Synleggjere og styrke interessene til funksjonshemma i planlegginga etter plan- og bygningslova
- Gi kommunane betre grunnlag for å integrere og ta vare på interessene til funksjonshemma i det løpande arbeidet med kommuneplanar, reguleringsplanar og utbyggingsplanar
- Gi grunnlag for å vurdere saker der interessene til funksjonshemma kjem i konflikt med andre omsyn og interesser
- Gi fylkeskommunen og fylkesmannen høve til innspel og medverknad i kommuneplanlegginga når det er naudsynt å ta vare på formålet med rundskrivet

Den grunnleggande ideen er at ved å ta vare på interessene til dei funksjonshemma i den kommunale planlegginga, vil ein samstundes gjere samfunnet lettare tilgjengeleg for alle grupper.

Dei nasjonale måla som er lagt til grunn for rundskrivet er summert opp i to punkt (MD T-5-/99 s. 10):

- Å sikre at planlegginga er inkluderande, slik at alle kan bruke bygningar og uterom på ein likestilt måte
- Å ta vare på det offentlege ansvaret for å sikre at alle bygg og uterom får ei tenleg utforming for alle

I samband med den praktisk retta planlegging på kommune- og lokalsamfunnsnivå er det her viktig at måla om universell utforming blir tatt med både i den overordna og langsiktige delen av kommuneplanen, og at dette kan vidareutviklast og konkretisert i ulike sektor-, tema-, område- og detaljplanar. Ein viktig føresetnad for å lykkast i dette arbeidet er å opne opp for at funksjonshemma kan trekkast aktivt med i dei kommunale planprosessane (Saglie 1999, Miljøverndepartementet 2002, Andersen & Bergh 2003, Båtevik m.fl. 2004).

Regjeringa la i november 2004 fram ein femårig handlingsplan for auka tilgjenge. Planen inneheld 100 konkrete tiltak for å fjerne hindringar og gjere kvardagen lettare for personar med nedsett funksjonsevne. Innsatsområda spenner over eit breitt spekter, og omfattar m.a. betre tilgjenge til kollektivtransport, bustader og offentlege bygningar, uteområde og informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Sentrale verkemiddel er knytt til:

- Integrering av universell utforming i forvaltninga
- Igangsetting av pilotprosjekt
- Tiltak for betre tilgjenge
- Kompetanseoppbygging
- Informasjon og rettleiing

Handlingsplanen føreset eit tett samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor. Kontakt og tilbakemeldingar frå brukarorganisasjonane for funksjonshemma er særleg viktig. Eigne pilotprosjekt for universell utforming vil bli starta opp innanfor by- og tettstadutvikling, friluftsliv, kulturminnevern og kommunal planlegging. Som ein del av samfunnsplanlegginga vil det også bli arbeidd med å utvikle egne rikspolitiske retningslinjer for universell utforming. (Miljøverndepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet 2004)

Utvikling av den gode staden – med søkelys på prosess og prosjekt

Arbeidet for å utvikle levande og attraktive byar og tettstader innanfor rammene av berekraftig utvikling har vore ledd i eit systematisk forsøks- og utviklingsarbeid i regi av sentrale planstyresmakter. Tettstadutvikling omfattar meir enn fysisk utforming knytt til arealbruk og lokaliseringspolitikk, transportstruktur og senterstruktur, og omforming og utvikling av eksisterande senterstruktur. Det fysiske miljøet utgjer viktige rammer og premissar for økonomiske, sosiale og kulturelle aktivitetar. I tråd med dette stiller by- og tettstadutviklinga oss over for store utfordringar i forhold til helse og miljø, transport, areal, næringsutvikling, bustadpolitikk og levekår (St.meld. nr. 23 2001-2002).

På bakgrunn av mange års forsøks- og utviklingsarbeid knytt til miljøvennleg tettstadutvikling har Miljøverndepartementet summert opp viktige erfaringar og gjort opp ein slag kunnskapsstatus knytt til dette tverrfaglege satsingsområdet (Miljøverndepartementet 1999, St.meld. nr. 23 2001-2002). Dei fleste av prosjekta har hatt ei klar lokal forankring, og er gjennomført i nært samarbeid med offentlege, private og frivillige aktørgrupper. Sjølv om forsøka både tematisk og organisatorisk spenner vidt, er det likevel mange fellestrekk ved dei gode prosjekta. Slike suksessfaktorar inneber m.a. at:

- drivkrafta i prosjektet må vere lokal motivasjon og brei deltaking

- lokal motivasjon må bygge på felles forståing av kvalitetar, mål og utfordringar
- prosessen skal vere open og mobiliserande
- ei felles forståing av staden kan utviklast gjennom ein systematisk stadanalyse
- prosessen må tilførast stadkompetanse der det trengs
- arbeidet bør forankrast i formelle planprosessar etter pbl
- alt utviklingsarbeid skal raskt vise synlege resultat
- finansiering av prosjektet er ein eigen, kreativ prosess
- drift og vedlikehald krev også langsiktig planlegging

På same måte vil det med utgangspunkt nokre utvalde tema kunne peikast ut gode råd eller forslag til aktuelle tiltak (Miljøverndepartementet 1999):

Transport og trafikk

- I miljøgatene går biltrafikken på lokalsamfunnet sine premissar
- Heilskapsløysingar for gåande og syklistar må til for å redusere bilbruken
- God kollektivtrafikk er avgjerande for transportsystemet i byar og tettstader
- ”Stedets hjerte” er det bilfrie torget eller gågata

Grønstruktur

- Tur- og sykkelveggar med store opplevingskvalitetar kan opparbeidast langs kyst og vassdrag
- Mindre vassdrag kan gi samanheng mellom hei og strand (fjell og fjøre)
- Gamle hamneområde kan opparbeidast til opplevingsrike fotgjengarområde

Byggeskikk og kulturmiljø

- Nybygg skal både vere uttrykk for si eiga samtid og ta omsyn til ”stedets karakter”
- Gamle bygningar og anlegg blir best tatt vare på gjennom bruk
- Planar for å styre byggeskikk og ta vare på kulturmiljø kan ha mange ulike ambisjonsnivå

Møtestader

- Eit godt kulturhus har eit mangfaldig innhald og er ope for tilfeldige besøk
- Skulane er nærmiljøet sine viktigaste kultur- og aktivitetshus
- Ein god serveringsstad er ikkje sjølvstøtt på små stader

Næringsliv

- Utviklinga av ein vakker stad, rikt på opplevingar er også eit tiltak for å bygge opp under varehandelen
- Ny utvikling i gamle næringsområde kan vere ein verdfull ressurs for byar og tettstader
- Gode reiselivsanlegg gir både arbeidsplassar og servicetilbod til lokalbefolkninga

Miljøverndepartementet (1999) har gjennom publikasjonen *Gode stader* presentert konkrete eksempel på og erfaringar med ulike typar tettstadutviklingstiltak. Eksempla gir også innsikt i kritiske faktorar og gode råd knytt til oppstart, organisering og gjennomføring av dei ulike utviklingstiltaka. Denne eksempelsamlinga er ein god illustrasjon på breidda og mangfaldet

som pregar arbeidet med å legge til rette for levande og attraktive tettstader innanfor rammene for berekraftig utvikling.

Arbeidet med fysisk tettstadforming viser at kommunane på fleire område står overfor dei same spørsmåla og dei same utfordringane. Det er likevel viktig å understreke at det i liten grad vil finnast faste standardløysingar. Kvar stad må finne sine lokalt tilpassa løysingar. Utforming av ein heilskapleg nasjonal areal- og miljøpolitikk inneber likevel at nasjonale mål og retningslinjer skal gi hovudretning og rammer for den lokale planlegginga. Ei utfordring i det kommunale planarbeidet vil her vere å utvikle større grad av lokalt ansvar knytt til areal- og miljøforvaltninga, men likevel slik at nasjonale og regionale interesser blir ivaretatt.

6. Oppsummering

Tettstadutvikling – frå prat til praksis

Tettstadutvikling er eit sentralt omgrep i arealforvaltninga i dag. Vi har fått større merksemd retta mot det fysiske miljøet som dannar omgivnadene for kvardagslivet vårt, ikkje minst er det aukande interesse for å legge vekt på estetiske kvalitetar og lokal identitet. Men også spørsmål om trafikktryggleik, tilrettelegging for mjuke trafikantar og arealøkonomisk utbygging er viktige i diskusjonen om korleis vi skal vidareutvikle tettstadene.

På bakgrunn av eit omfattande forsøks- og utviklingsarbeid er det i løpet av dei to siste ti-åra samla nyttig erfaring og utvikla ny kunnskap og kompetanse knytt til miljøvennleg tettstadutvikling. Gjennom ei eiga stortingsmelding (nr. 23 2001-2002) *Bedre miljø i byer og tettsteder* blir det peika på at:

Målet er å utvikle trygge, vakre og opplevelsesrike stader med høy miljø- og bokvalitet for befolkninga, samtidig som natur- og kulturmiljøet ivaretas. Byer og tettsteder skal også fremstå som funksjonelle og attraktive for næringslivet.
(St.meld. nr. 23 2001-2002, s. 39)

Ei av dei store utfordringane i alt plan- og utviklingsarbeid er å få omsett mål og visjonar til praktisk handling. Mykje av forsøksarbeidet knytt til tettstadutvikling har i tråd med dette hatt eit praktisk retta siktemål. Arbeidet er også prega av ei tverrfagleg og sektorovergripande tilnærming som sprenger dei meir tradisjonelle rammene for fysisk planlegging og arealbruk. På denne måten vil innsatsen måtte rettast mot ei rekke ulike forhold, som også gjensidig vil kunne påverke kvarandre. Dette vil kunne omfatte:

- Sosialt miljø; etablering av ulike typar møteplassar
- Arbeidsplassar; etablere tettare samarbeid mellom kommune og næringsliv, utviklingsarbeid
- Bustader; tilrettelegging av eit meir variert bustadtilbod; variasjon og fleksibilitet
- Tenestetilbod; sterkare satsing på barnehage, skule, kultur og service
- Fysiske omgivnader; grønstruktur, fortetting, ansvar og vedlikehald, møteplassar for alle...
- Regional tilgjengelegheit; samarbeid om regionale arbeids-, bustad- og serviceregionar
- Stadformidling; offensiv formidling og marknadsføring

Det er også viktig å understreke at strategiar knytt til by- og tettstadutvikling vil måtte vurderast i ein større regionalpolitisk samanheng. Den sterke sentraliserings- og urbaniseringstendensen gjer at situasjonen mellom sentrum og utkant vil vere svært ulik – avvikling og utvikling blir på mange måtar to sider av sak. Stortingsmeldinga om by- og tettstadpolitikken (nr. 23 2001-2002, s. 5) understrekar likevel at:

Det er ikke slik at gode vilkår for byene er en motsetning til vekstkraftige distrikter. By og land har ulike funksjoner i den nasjonale arbeidsdelinga og er gjensidig avhengig av hverandre.

Gjennom programmet *Miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene* (jf. www.tettsteder.no) er søkelyset retta spesielt mot små og mellomstore tettstader i distrikts-Norge. Erfaringar frå dette programmet viser m.a. at karakteristiske trekk ved tettstadene og hushalda er knytt til at (Skjeggedal 2000, Skjeggedal, Engesæter & Amdam 2001):

- Dei store endringsprosessane går i negativ retning
- Sosiale og kulturelle vilkår er like viktige som dei materielle
- Arbeid er viktig, men ikkje ein tilstrekkeleg føresetnad for val av bustad. Bustadtilbodet er godt og svært viktig for val av bustad
- Tilbodet for unge i etableringsfasen er for dårleg
- Skule- og helsetilbodet er godt og svært viktig for val av bustad
- Ungdommen saknar uformelle møtestader
- Offentlege kommunikasjonar er dårlege, men viktige for val av bustad
- Gode kommunikasjonar kan kompensere for manglande tilbod på staden
- Tettstadene manglar parkar og grøntareal
- Trafikktryggleiken for mjuke trafikantar er dårleg

Erfaringar frå ulike typar tettstadutviklingsprosjekt viser at situasjonen i dei større byane og dei meir sentrale by- og tettstodområda vil kunne skilje seg mykje frå dette (jf. Miljøverndepartementet 2000, St.meld. nr. 23 2001-2002). Dette understrekar på nytt behovet for å sikre tettstadutviklingsprosjekt ei lokal forankring, samstundes som denne innsatsen blir integrert i kommunane sitt øvrige plan- og utviklingsarbeid.

Sjølv om både rammevilkår og utfordringar vil kunne variere, vil det likevel kunne peikast på nokre meir grunnleggande og prinsipielle vilkår knytt til tettstadplanlegging som verktøy. På bakgrunn av dette vil det vere slik at:

- ”tradisjonelle” former for fysisk planlegging framleis er aktuelle
- ideala for fysisk planlegging ikkje alltid passar i tettstadane
- tettstadane må arbeide med å styrke hovudtrekka i den fysiske strukturen
- preget av ”skjødelsøshet” må overvinnast
- planlegging må bygge på eit samansett kunnskapsgrunnlag
- planlegging må skape arenaer for deltaking, kunnskapsutvikling og oppgåveløysing

Ei hovudutfordring i samband med all tettstadutvikling, er at ”den gode staden” er eit relativt omgrep. Livsformomgrepet peikar på at det ikkje finst fasitsvar på ”det gode liv”. Dette er m.a. avhengig av livssituasjon eller fase i livsløpet. Dette stiller krav til planlegging både som prosess og produkt.

Meiningar om tettstadutvikling

Tettstadprosjektet i Sykkylven er trekt fram som eit eksempel med ei klar lokal forankring som føyer seg inn i ei lang rekke av ulike forsøks- og utviklingsprosjekt i regi av sentrale planstyresmakter med søkelyset retta mot fysisk miljø og lokalsamfunnsutvikling. Dette omfattar m.a. programmet Miljøvern i kommunene (MIK), Nærmiljøprosjektet, SAM-programmet (Samvirke mellom lokale og kommunale ressurser), Miljøbyprogrammet og Program for attraktive og miljøvennlige tettsteder i distrikta. Det har også vore peika på at mange av dei ideane og prosessane som desse forsøks- og utviklingsprosjekta bygger på, seinare er vidareført gjennom kommunane si satsing på Lokal Agenda 21 (LA 21).

Gjennom ein eigen evalueringsstudie av tettstadprosjektet i Sykkylven vart søkelyset m.a. retta mot erfaringar og lærdom som kan trekkast ut frå denne type plan- og utviklingsarbeid (jf. Amdam, Dimmen & Magerøy 1996; Dimmen 1997 og 2004). Med utgangspunkt i arbeidet med ny kommunedelplan for kommunesenteret vart det stilt spørsmål om:

- tettstadprosjektet skapte eit betre plangrunnlag for sentrums- og tettstadutvikling i Sykkylven?

- ein gjennom Tettstadprosjektet fekk prøvd ut nye planmodellar og ein ny politikk for arealbruk?
- erfaringane frå Tettstadprosjektet kunne overførast til liknande utfordringar andre stadar?

Gjennom djupneintervju med sentrale aktørar i prosjektet vart informantane utfordra på å gi omgrepa *lokal identitet* og *lokal eigenart* eit meir konkret innhald. Dei fleste gav her klart uttrykk for at tettstaden har sin eigen identitet, og slik også vil kunne skilje seg frå andre bygdebyar og tettstader på grunnlag av eit sett karakteristiske eigenskapar. Forhold eller enkeltfaktorar som informantane tidlegare har peika på som positive eigenskapar i ein generell presentasjon av staden, blir no i større grad kopla saman til å gjelde meir samanhengande landskaps- og utbyggingsstrukturar. Dette omfattar forhold som:

- samspelet mellom fjord og fjell
- kontakten mellom natur- og kulturskapte komponentar
- den klare sentrumsavgrensinga i forhold til omkringliggande jordbruks- og grøntområde
- dei arkeologiske utgravingsområda og det sentrumsnære jordbruket
- det kompakte sentrumsområdet med kvadraturen
- eit funksjonelt sentrum med korte avstandar

Fleire peikar på at ein i spørsmål knytt til vidare sentrums- og tettstadutvikling vil landskap og landskapsverdiar vere ei viktig felles referanseramme. Landskapsperspektivet opnar for ei meir sektorovergripande tilnærming i høve til den meir tradisjonelle arealplanlegginga. Vi ser også at grensene for den tradisjonelle arealplanlegginga blir utvida ved at sosiale og kulturelle forhold blir trekt inn ved sida av vurderingar knytt til fysisk miljø og materiell struktur. Omgrep som *levkår*, *livskvalitet* og *den gode staden* understrekar nettopp innhaldet i eit slikt utvida planleggingsomgrep.

Framlegget til ny kommunedelplan for tettstodområdet representerer ein ”ny” måte å tenke planlegging på. På fleire område, både organisatorisk og innhaldsmessig, representerer den nye planen ein type ”alternativ” planleggingstenking i forhold til tidlegare kommunal planpraksis og plandokumentasjon. Som eit kortsiktig siktemål har ein med utgangspunkt i eit sett lokale planproblem gjennom tettstadprosjektet greidd å kome ut av ein tilsynelatande fastlåst plansituasjon. Gjennom ein open dialog mellom ulike aktør- og interessegrupper har ein greidd å finne nye innfallsvinklar til gamle stridsspørsmål.

I tillegg er ein innanfor ein meir langsiktig tidshorisont godt i gang med å få gjennomslag for nye prinsipp og retningslinjer for framtidig tettstadutforming. Den tette og gjensidige koplinga mellom lokalkunnskap og ekstern fagkunnskap har vore med på å styrke og synleggjere landskapet sine innebygde og opplevde verdiar. Dette har tilført det lokale planarbeidet ein ny dimensjon; planforståinga er ”løfta opp på eit høgare plannivå”.

Den gode staden – for kven?

Spørsmål om levkår, nærmiljø og kvardagsliv blir på denne måten kopla til ei meir subjektiv stadforståing. Brukt i samband med lokale plan- og utviklingsprosessar vil likevel relative omgrep som ”den gode staden” og ”det gode liv” vere problematiske. Ei aktuell tilnærming kan her vere å legge eit livsløpsperspektiv til grunn for det lokalt plan- og utviklingsarbeid. Livsløpet blir utforma i samspel mellom historiske forhold, demografiske vilkår, romlege kontekstar, sosiale miljø og individuell handlingsevne. Livsløpet vil gjennomgå endringar over tid med konsekvensar for livskvalitet, helse og velferd. Ved å legge livsløpsperspektivet til grunn for lokalt plan- og utviklingsarbeid vil det kunne opnast opp for større grad av

tverrsektorielle og territorielle tilnærmingar. Likeeins vil dette kunne legge til rette for større innslag av brukarretta og dialogbaserte planleggingsprosessar.

Livsløpsperspektivet gjer også at det i forhold til meir praktisk retta planlegging bør tilretteleggast særskilt for brukargrupper som av ulike grunnar ofte vil falle utanfor. Dette kan vere barn, eldre eller grupper med ulike former for funksjonsnedsettingar. Denne typen planleggingstenking er elles heilt i tråd med dei mål og retningslinjer som er trekt opp i det interdepartementale handlingsprogrammet for universell utforming (jf. Miljøverndepartementet m.fl. 1999; Miljøverndepartementet 2002). Sjølve omgrepet *universell utforming* blir her gjerne brukt synonymt med omgrep som ”planlegging for alle”, ”tilgjengelighet for alle” og ”design for alle”.

Kommunal arealplanlegging i nye spor?

Mange tettstadutviklingsprosjekt er resultat av eit tett samspel mellom lokale og sentrale planstyresmakter. Eit eksempel på dette er det omtalte tettstadutviklingsprosjektet i Sykkylven. (Amdam, Dimmen & Magerøy 1996; Dimmen 1997 og 2004). Deltakarane gjekk inn i planprosessen med ulike intensjonar, krav og forventningar. Veksilverknaden mellom tettstadprosjektet som praktisk forsøk og utvikling av sentrale fagpolitiske mål og initiativ, inneber at erfaringsutvekslinga har gått begge vegar. Formulering av prosjektinnhald med organisering, gjennomføring og nytt planutkast, er resultat av dialog og forhandling mellom dei ulike aktørgruppene. I dette perspektivet har tettstadprosjektet fungert som ein viktig arena for deltaking, kunnskapsutvikling og oppgåveløysing.

Ei samanlikning mellom gamle og nye plandokument i samband med tettstadplanlegginga i Sykkylven viser at utkast til ny kommunedelplan er meir i tråd med nyare, kvalitative målsettingar for arealplanlegging og tettstadutvikling. Dette viser at ein gjennom planprosessen i tettstadprosjektet var innstilt på å prioritere desse måla, og la dei konkret kome til uttrykk i arealbruksmønsteret planen legg opp til. Det fortel òg om endra haldningar til tettstadutvikling frå kommunen si side, med eit sterkare fokus på areal som ein knapp ressurs. Lokale aktørar peikar på at verneaspektet er tillagt større tyngde i det nye planarbeidet; den nye planen representerer gjennomslag for ei meir ”berekraftig” planleggingstenking i Sykkylven. (Sjå vedlegg: Figur 1)

Samla sett viser ei slik kvalitativ samanlikning at framlegget til ny kommunedelplan for tettstadorrådet representerer ein «ny» måte å tenke planlegging på. På fleire område - både med omsyn til organisering og innhald - vil den nye planen representere ein type «alternativ» planleggingstenking i forhold til tidlegare kommunal planpraksis og plandokumentasjon. Som eit kortsiktig siktemål har ein med utgangspunkt i eit sett lokale planproblem gjennom Tettstadprosjektet greidd å kome ut av ein tilsynelatande fastlåst plansituasjon. Gjennom ein open dialog mellom ulike aktør- og interessegrupper har ein greidd å finne nye innfallsvinklar til gamle stridsspørsmål.

Spranget frå planutkast til praktisk plangjennomføring har likevel vist seg å vere svært langt. Sjølv om det er oppnådd einigheit om sentrale prinsipp og retningslinjer for den vidare sentrumsutviklinga, manglar likevel – fleire år etter at tettstadprosjektet formelt sett vart avslutta – viktige detaljar som t.d. spørsmål om vegløysingar plangodkjenning. Liknande erfaringar er gjort også i samband med andre kommunale tettstadprosjekt (jf. St.meld. nr. 23 2001-2002). Det er ikkje mangelen på planar som er problemet, men i større grad evna og viljen til gjennomføring. Årsakene til dette vil vere fleire, og omfattar spørsmål knytt både til organisering, innhald og politisk makt. Eit felles trekk synest her å vere at den tradisjonelle

arealplanlegginga blir utfordra på ein måte som krev omstilling og nytenking – prosessar som naturleg nok krev tid både for å kunne modnast og for i neste omgang kunne oppnå fagleg og politisk oppslutning.

Tettstadutviklingsprosjekt som dette har elles vist at areal- og miljøspørsmål er både komplekse og uoversiktlege, og at konfliktavklaring, analyse og problemløysing krev samarbeid på tvers av både sektor- og forvaltningsnivå. Ut frå rådande politiske og administrative organisasjonsstrukturar ligg det her både problem og utfordringar. Gjennom slike plan- og utviklingsprosjekt vil samordningsproblematikken stå i fokus. Dette omfattar både den vertikale samordninga mellom dei tre forvaltningsnivåa, og den horisontale samordninga på tvers av etablert sektortenkning på kommunenivå. Til det siste ligg også dei spesielle utfordringane som knyter seg til ulike typar samarbeids- og samhandlingsrelasjonar mellom aktørar i offentleg, privat og frivillig sektor. Dette vil kunne opne opp for metodar og teknikkar som stimulerer kommunikative prosessar mellom deltakarane i denne typen lokalt plan- og utviklingsarbeid, m.a. ved å legge til rette for nettverksorganisering og ulike typar partnerskapsløysingar (sjå m.a. Pløger 1998, Amdam & Amdam 2000, R. Amdam 2001, Jensen 2004).

Dette reiser i neste omgang grunnleggande spørsmål om deltaking og medverknad, om makt og avmakt, om roller og rollefordeling, og om rammer for samordning og samarbeid. Når målsettingane og forventningane som i tettstadprosjektet i tillegg har vore mange og sprikande, er dette forhold som gjer at utfallet eller resultatet av slike planprosessar vil vere prega av stor grad av uvisse.

Tettstadutviklingsprosjekt som dette vil kunne opne for nye og alternative tilnæringsmåtar for å løyse 'klassiske' arealplankonfliktar. Arealplanlegging innanfor rammene av ei meir tradisjonell sektorplanlegging vil her bli avløyst av ei type territoriell eller romleg heilskapsplanlegging. Med eksempel frå Sykkylven har bruken av kvalitativ tettstadanalyse som planleggingsverktøy gjort at søkelyset i sterkare grad blitt retta mot landskap og landskapsverdiar. Fokus på kvalitative sider ved landskap og fysiske tettstadstrukturar har på denne måten vore ein viktig stimulans til vidare debatt rundt spørsmål om levekår, nærmiljø og kvardagsliv – spørsmål om "det gode livet" og "den gode staden". Dette vil i sum kunne tilføre det lokale plan- og utviklingsarbeidet ein ny og viktig dimensjon.

Referansar

- Agnew, J. & Duncan, J.S. 1989: *The Power of Place. Bringing together geographical and sociological imaginations*. Boston: Unwin Hyman,
- Agnew, J. 1987: *Place and Politics: The Geographical Mediation of State and Society*. London: Allen & Unwin,
- Allardt, E. 1975: *Att ha, att vara, att elska. Om velferd i Norden*. Lund: Argos Førlag.
- Allardt, E. 1998: Det goda samhället: Velferd, livsstil og medborgardygder. *Tidsskrift for Velferdsforskning*, 1,3, 123-133
- Amdam, J. og N.Veggeland 1998: *Teorier om samfunnsplanlegging*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Amdam, R. 2001: Territoriell og sektoriell samfunnsplanlegging – mot ei todeling? *Nordisk Samhallsgeografisk Tidsskrift* s. 27-44.
- Amdam, R., Dimmen, S. & Magerøy, N. 1995: *Tettstadutvikling med miljøprofil. Evaluering av Tettstadprosjektet i Sykkylven*. Forskningsrapport nr. 10. Volda: Møreforskning og Høgskulen i Volda.
- Andersen, R. og S.Bergh 2003: *Universell utforming over alt! Planlegging og utforming av uteområder, bygninger, transport og produkter for alle*. Oslo: Sosial- og helsedirektoratet.
- Bech, U. 1997: *Risikosamfunnet – på vej mod en ny modernitet*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Berg, N.G. 2002: Mennesker og steder – vurdering av Stortingsmelding nr. 34 (2000-2001) 'Om regional- og distriktspolitikken' i lys av stedsteori i geografifaget. *Plan* 3, 40-43.
- Brox, O. 1980: Mot et konsolidert bosettingsmønster? I *Tidsskrift for samfunnsforskning* nr. 3-4 s. 227-244.
- Brox, O. 1995: *Dit vi ikke vil. Ikke-utopisk planlegging for det neste århundre*. Exil.
- Bukve, O. 1997: *Kommunal forvaltning og planlegging*. 3. utg. Oslo: Samlaget.
- Båtevik, F. G. M. Olsen og B. Vartdal 2002: *Det gode liv for folk vest. Ein studie blant nøkkelpersonar på arbeidsmarknaden i Møre og Romsdal*. Notat 7/2002, Møreforskning Volda/Høgskulen i Volda
- Båtevik, F., L.Halvorsen og G.Veddegjerde 2004: *Medvirkning med suksess? Funksjonshemmedes brukervedvirkning i kommunale planprosesser*. Volda: Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda.
- Christoffersen, J. (red) 2002: *Universal design. 17 ways of thinking and teaching*. Oslo: Husbanken
- Christoffersen, J. 2004: Tilgjengeligheten i eksisterende boliger – kan den bedres? *Plan* 1/2004 s. 16-21. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dimmen, S. 1996: *Tettstadutvikling – ressursval og verdikonflikter*. Paper presentert på eit regional-forskningsseminar i Ålesund 15.-16.04.96 i regi av Møreforskning (Nordvestseminaret 1996).
- Dimmen, S. 1997: *Perspektiv på tettstadutvikling. Erfaringar frå tettstadprosjektet i Sykkylven*. Notat 2/97, Skriftserien, Volda: Møreforskning og Høgskulen i Volda.
- Dimmen, S. 2004: Tettstadutvikling og lokale planprosesser – med søkelys på fysisk miljø og landskapskvalitet. I Setten, G. (red.): *Det levende landskapet*. Trondheim: Tapir.
- Direktoratet for naturforvaltning 1996: *Forslag til revidert plan for friluftslivet mot år 2000*.
- Ellefsen, K. O. 1985: *Stedskarakter – teori og metode. Sett i lys av det norske tettstedet*. Institutt for by- og regionplanlegging. Skriftserien 1985:2. Trondheim: NTH.
- Ellefsen, K. O. 1986: *Stedsideal bak bygdebyen*. Notat. Inst. for by- og regionplanlegging Trondheim: NTH.

- Emmelin, L. (red.). 1984: *Kulturlandskap och samhällsplanering*. Trondheim: Tapir.
- Emmelin, L. m.fl. 1990: *Kulturlandskapet. Landbrukspolitikk og miljø. Del II*. Oslo: Landbruksforlaget.
- Gaukstad, E. & Sønstebø, G. 2003: *Nordens landskap. Forprosjekt for oppfølging av den europeiske landskapskonvensjonen*. Tema Nord 2003:550. København: Nordisk Ministerråd.
- Geelmuyden, A.K. 1993: Landskapsanalyse – planredskap og erkjennelsesvei. I *Byggekunst* 3/93
- Gehl, J. 1980: *Livet mellom husene*. Kbh./Oslo: Universitetsforlaget.
- Giddens, A. 1991: *Modernity and Self-identity. Self and Society in the late Modern Age*. Stanford: Stanford University Press.
- Giddens, A. 1994: *The Constitution of Society*. Cambridge: Polity Press.
- Gjesdal Christensen, A.L 1991: *Livet i og mellom husene. Utvalgte artikler om livsform og bymiljø*. Universitetsforlaget, Oslo.
- Grundt, G. 1989. *Ta vare på kommunelandskapet*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Gullestad, M. 1985: *Livsstil og likhet. Om nærmiljø i byer*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gullestad, M. 1994: Det gode sted – for hvem? I Forseth, T. (red.): *Det gode sted*. Miljøverndepartementet Universitetsforlaget., (s 49-58).
- Gullestad, M. 1996: *Livsstil og likhet : om nærmiljøet i byer*. Oslo : Byforskningsprogrammet : Universitetsforlaget.
- Guttu, J., Næss, P. & Sagli, I-L. 1993: *Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling. Oppsummering av NAMIT-prosjektet*. NIBR-notat 1993:115. Oslo: Norsk institutt for by- og Regionforskning.
- Hompland, A. 1994: ”Den stygge staden” i Forseth, T. (red.): *Det gode sted*. Miljøverndepartementet Universitetsforlaget. (s 119-122).
- Hompland; A. 1985: ”Bygdebyen - det nye Norges ansikt” I *Plan og Arbeid* 1985:4.
- Horgen, T. & Vagstein, A.M. 1993: *Stadanalyse. Eksempel Sykkylven*. T-988. Oslo: Miljøverndepartementet.
- Hovik, S. og V. Johnsen 1994: *Fra forsøk til reform. Evaluering av MIK-programet*. NIBR-rapport 1994:23. Oslo: NIBR.
- Jensen, R. 2004: Hvordan styre arealbruk og transport når ”governance” erstatter ”governing”? I *Plan* 5/2004 s. 4-11.
- Jones, M. 1981: Landskapet som ressurs. *Dugnad* 1/81: 1-15
- Jones, M. 1991: The elusive reality of landscape. Concepts and approaches in landscape research. I *Norsk Geografisk tidsskrift*, 45, 229-245.
- Kleven, T. 1998: *MILKOM 1992 - 1997 - hva har vi funnet?* MILKOM-notat 1998:1. Oslo: NIBR.
- Lafferty, W.M., C. Aall og Ø. Seippel 1998: *Fra miljøvern til bærekraftig utvikling i norske kommuner*. ProSus rapport 1998:2. Oslo: ProSus.
- Langdalen, E. 1994: *Arealplanlegging. Form - funksjon – fellesskap*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lash, S. 1991: *Sociology of Postmodernism*. London: Routledge.
- Lynch, K. 1960: *The Image of the City*. Cambridge: The MIT Press.
- Massey, D. 1991: *A global sense of place*. *Marxism Today*, June, 24-29.
- Massey, D. 1995: The conceptualisation of place. Massey, D. & Jess, P. (eds.): *A Place in the World? Places, Cultures and Globalization*. s.45-77. Oxford: Oxford University Press.
- Miljøverndepartementet 1993a: *Mål og virkemidler i stedsforming*. T-974. Oslo: MD.
- Miljøverndepartementet 1996a: *Fortetting med kvalitet*. T-1136. Oslo: MD
- Miljøverndepartementet 1997a: *Estetikk i plan- og byggesaker. Veileder*. T-1179. Oslo: MD

- Miljøverndepartementet 1998a: *Utvikling av fem miljøbyer: Midtveisrapport*. T-1210. Oslo: MD
- Miljøverndepartementet 1998b: *Miljøverndepartementets rolle og oppgaver i LA 21 arbeidet. Strateginotat*. T-1216. Oslo: MD
- Miljøverndepartementet 1999: *Gode steder. 36 eksempler*. T-1264.
- Miljøverndepartementet 2000a: *Levende lokalsamfunn. Erfaringer og anbefalinger fra Miljøbyprogrammet*.
- Miljøverndepartementet 2000b: *Utvikling av miljøbyer. Erfaringer og anbefalinger fra Miljøbyprogrammet*. T-1320.
- Miljøverndepartementet. 2002a: *Program for utvikling av miljøvennlige og attraktive tettsteder i distriktene*. T-1359. Oslo.
- Miljøverndepartementet. 2002b: *Handlingsprogram for universell utforming*. T-1423. Oslo.
- Miljøverndepartementet og Kommunaldepartementet. 1997: *Estetikk i plan- og byggesaker*. Oslo.
- Miljøverndepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet og Sosial- og Helsedepartementet. 1999: *Rundskriv T-5/99. Tilgjengelighet for alle*. Oslo.
- Miljøverndepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet 2004: *Regjeringens handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne. Plan for universell utforming innen viktige samfunnsområde*. Versjon 22.11.04.
- Mytting, Ivar og Anette Bischoff 1999: *Friluftsliv*. Oslo: Aschehoug.
- NIBR 1998: *Regionale trender 1998:1*.
- Norberg-Schulz, C. 1980: *Genius loci. Towards a Phenomenology of Architecture*. London: Academic Edition.
- Norberg-Schulz, C. 1993 [1978]: *Mellom jord og himmel. En bok om steder og hus*. Oslo: Universitetsforlaget/PAX forlag.
- Norberg-Schulz, C. 1994: *Stedskunst*. I Forseth, T. (red.): *Det gode sted*, s. 85-96. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nordisk Ministerråd. 1987: *Natur og kulturlandskapet i arealplanleggingen*. Miljørapport 1987:3 Del 2: Forvaltning av ressurser og verdier. Moss: Fylkesmannen i Østfold.
- NOU 2001:7 *Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven*. Miljøverndep.
- NOU 2001:22 *Fra bruker til borger. Om nedbygging av funksjonshemmende barrierer*. Sosial- og helsedepartementet.
- NOU 2003:14: *Bedre kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven II*. Planlovutvalgets utredning med lovforslag. Oslo: Statens forvaltningstjeneste.
- Nyseth, T og N. Aarsæther 2002: *Nærdemokrati. Teori og praksis*. Det Norske Samlaget, Oslo.
- Næss, P. 1992: *Natur- og miljøvennlig tettstedsutvikling. Faglig sluttrapport*. NIBR-rapport 1992:2. Oslo.
- Opedal, S., J. Pløger, A. Strand og G. M. Vestby 1998: *Miljøbyprogrammet. En midtveisevaluering*. NIBR-prosjektrapport 1998:8. Oslo: NIBR.
- Pløger, J. 1998: *Kommunikativ planlegging. Mellom kommunikasjon og retorikk*. NIBR-notat 1998:106. Oslo: NIBR.
- Rasmussen, S 1998: *Stedsanalyse. Erfaringer med mål og midler*. I *PLAN* 5-6/1998: 21-25. Oslo: Universitetsforlaget.
- Relph, E. 1976: *Place and placelessness*. London: Pion.
- Ryhl, A. 1990: *Forsøksringen i Sogn og Fjordane. Vekk frå den firkanta sjarmløysa*. I *Arkitektnytt* nr. 11/1990.
- Røe; P.G. 2002: *Sosiokulturelle stedsanalyser – et supplement til de tradisjonelle stedsanalysene*. I *PLAN* 4-5/2002: 76-81. Oslo: Universitetsforlaget.

- Saglie, I-L. 1999: *Medvirkning for funksjonshemmede. Deltakelse i planprosesser etter plan- og bygningsloven*. Norsk institutt for by- og regionsforskning. NIBR notat 1999:111.
- Setten, G. (red.) 2004: *Det levende landskapet*. Trondheim: Tapir.
- Skjeggedal, T. 2000: *Attraktive tettsteder i distriktene*. NFT-rapport 2000:7. Steinkjer: Nord-Trøndelagsforskning.
- Skjeggedal, T. 2002: *Tettstedsprogrammet – noe nytt? I PLAN 2/2002:20-25*, Oslo, Universitetsforlaget.
- Skjeggedal, T., Engesæter, P. & Amdam, J. 2001: *Tettsteder i distriktene – situasjon og muligheter*. Steinkjer, Lillehammer og Volda: Nord-Trøndelagsforskning, Østlandsforskning og Møreforskning.
- Spigseth, K., Martens, J-F. & Fiske, A. 2000: *Utvikling av miljøbyer. Erfaringer og anbefalinger fra Miljøbyprogrammet*. Hovudrapport. T-1320. Oslo: Miljøverndepartementet.
- St.meld. nr. 40 (1986-87): *Om friluftslivet*.
- St.melding nr.31 (1992-93): *Den regionale planleggingen og arealpolitikken*.
- St.meld. nr. 4 (1996-97): *Langtidsprogrammet 1998 - 2001*
- St.meld. nr. 29 (1996-97): *Regional planlegging og arealpolitikk*. Miljøverndepartementet.
- St.meld. nr. 58 (1996-97): *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling*. Miljøverndepartementet.
- St.melding nr. 34 (2000-2001): *Om distrikts- og regionalpolitikken*. Kommunal- og regionaldepartementet.
- St.meld. nr. 39 (2000-01): *Friluftsliv*. Miljøverndepartementet.
- St.melding nr 23 (2001-2002): *Bedre miljø i byer og tettsteder*. Miljøverndepartementet.
- St.melding nr. 39 (2001-2002): *Oppvekst og levekår for barn og ungdom i Noreg*. Barne- og familiedepartementet.
- St.meld. nr. 25 (2002-03): *Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand*. Miljøverndepartementet.
- St.meld. nr. 40 (2002-03): *Nedbygging av funksjonshemmende barrierer*. Sosialdepartementet.
- Vartdal, B. 2003: *Stedstilknytning til regional identitet på Nord-vestlandet*. Upubl. Notat. Volda: Møreforskning/Høgskulen i Volda.
- Verdenskommisjonen for miljø og utvikling 1987: *Vår felles framtid*. Oslo: Tiden Norsk Forlag.
- Ziehe, T. 1989: *Ambivalenser og mangfoldighet. En artikelsamling om ungdom, skole, æstetik og kultur*. Politisk revy.
- Østerud, Ø. 1979: *Det planlagte samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Øvsthus, K. (red.). 1996: *Tettstadutvikling på dagsorden*. Molde: Møre og Romsdal fylkeskommune, Nærings- og miljøavdelinga.
- Aall, C., K.G. Høyser og W. Lafferty 2002 (red): *Fra miljøvern til bærekraftig utvikling*. Oslo: Gyldendal.

http://verdikkommisjonen.no/verdilandskapet_i_norge.htm

http://www.prosus.uio.no/bu/la_21

<http://www.tettsteder.no>

<http://www.planlegging.no>

Vedlegg

Arbeid med ny kommunedelplan for kommunesenteret i Sykkylven. Viktige kjenneteikn med gammel og ny kommunedelplan.

GAMMAL PLAN	NY PLAN (utkast på bakgrunn av tettstadprosjektet)
<p>Organisering:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ få aktører/ lukka planprosess ○ offentlig styring/kontroll (top-down) ○ interessekonflikt -veto (jf. landbruksst.) ○ tradisjonell areal-/soneplanlegging 	<ul style="list-style-type: none"> ○ mange aktører/ open planprosess ○ aktiv deltaking/medverknad (dialog) ○ kompromiss ○ del av tettstadprosjektet
<p>Metode:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ planlegging som prosjekt/produkt ○ fagleg spesialisering ○ sektoriell tilnærming ○ trendframskriving ○ stor vekt på fagkunnskap (brukt isolert) ○ planlegging som teknisk aktivitet ○ einvegskommunikasjon 	<ul style="list-style-type: none"> ○ ○ planlegging som prosess/rullering ○ tverrsektoriell tenking/samordning ○ territoriell tilnærming ○ visjonsutvikling ○ vekt på lokalkunnskap (i kombinasjon med fagkunnskap) ○ planlegging som læring ○ dialog
<p>Innhald:</p> <ul style="list-style-type: none"> ○ fysiske og materielle strukturar ○ kvantitative data/forhold ○ landskap som fysisk form ○ økonomisk rasjonalitet og funksjonalitet ○ økonomisk vekst ○ kortsiktig gevinst ○ utvikling ○ avgrensa/lukka ○ sonedeling som prinsipp ○ punktvern/spesialområde ○ vern av enkeltobjekt 	<ul style="list-style-type: none"> ○ lokalsamfunn og nærmiljø ○ kvalitative data/forhold ○ landskapet som ressurs ○ levekår ○ berekraft og økologisk balanse ○ langsiktig nytte ○ vern ○ open ○ samlokalisering /blanda funksjon ○ samanhengande grønstruktur ○ vern av kulturmiljø og historiske strukturar